

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalssalen i 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	11.02.2019
<b>Tid:</b>	10.00

### **Møteplan:**

Kl. 10.00 – 10.30	Fylkesrådmann orienterer om oppfølging av tilsyn vaskehall Hauglandshella
Kl. 10.30 – 12.00	Sakshandsaming
Kl. 12.00 – 12.30	Lunsj
Kl. 12.30 – 13.00	Sakshandsaming
Kl. 13.00 – 14.30	Arbeidsmøte på video med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kl. 14.30 -	Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å **ringa** til Roald Breistein, tlf. 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, 911 05 982.

Til varamedlemer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at nokon av dei må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteinnkallinga til dette møtet finn du også på denne lenkja:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=866>

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 17.12.2018 finn du på denne lenkja:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=779>

På iPad kan møteinnkallinga til dette møtet, og møteprotokollen frå møte 17.12.2018, lastas ned på ePolitiker og lesast i GoodReader.

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordførar  
Revisor

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 3/19	Fylkesrådmannen orienterer om status i oppfølging av tilsyn gjeldande vaskehalla på Hauglandshella	2015/12604	
PS 4/19	Godkjenning av prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet	2016/2768	
PS 5/19	Årsmelding for kontrollutvalet for 2018	2017/2535	
PS 6/19	Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma - Forslag til prosjektplan	2018/17548	
PS 7/19	Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Forslag til prosjektplan	2019/685	
PS 8/19	Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/17902	
PS 9/19	Selskapskontroll av VIGO IKS - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/4190	
PS 10/19	Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11222	
PS 11/19	Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte	2018/14427	
PS 12/19	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan transportberedskap på vegnett	2017/17901	
PS 13/19	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2	2016/1940	
PS 14/19	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar	2016/9440	
PS 15/19	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan Arkivering og offentlegheit	2017/13386	
PS 16/19	Rekneskapsresultat for kontrollutvalet for 2018	2016/4239	
PS 17/19	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 18/19	Referatsaker		
RS 1/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2018	2014/10539	
RS 2/19	Gåveregister for dei folkevalde	2018/8482	
RS 3/19	Skatteinngangen pr. desember 2018	2015/12603	

RS 4/19	Høringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift	2019/1334
PS 19/19	Eventuelt	
PS 20/19	Budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020	2019/888
PS 21/19	Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune - forslag til konkurransegrunnlag	2018/16811
PS 22/19	Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	2016/3311
PS 23/19	Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i Vestland fylkeskommune	2019/418

**PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**



Arkivnr: 2015/12604-15

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	3/19	11.02.2019

## Fylkesrådmannen orienterer om status i oppfølging av tilsyn gjeldande vaskehall på Hauglandshella

### Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.12.2018 vart dette protokollert i sak PS 130/18 Referatsaker:

### **«RS 62/18 Tilsyn – Hordaland fylkeskommune Egedomsavdelinga – Vaskehall Haugland bussanlegg**

*Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for status i oppfølging av tilsynsrapport gjeldande vaskehall på Hauglandshella.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

### **Vedtak**

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for status i oppfølging av tilsynsrapport gjeldande vaskehall på Hauglandshella.*
- 2. Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.»*

### Handsaming i møte:

Det er gjort avtale om at fylkesrådmannen kjem i dette møtet for å gjera greie for status i denne saka.

### Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i fylkesrådmannen si orientering bør kontrollutvalet diskutere seg fram til ein konklusjon i saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2016/2768-29

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	4/19	11.02.2019

## Godkjenning av prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka:

Fylkestinget vedtok slike nye retningslinjer i møte 12.06.2018 når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar:

1. *Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

*«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»*

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke revisoruttale til prosjektrekneskap for 3 prosjekt. I revisjonsmeldingar dagsett 22.01.2019, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar, revisjonsmeldingar og oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

Drøfting:

**Prosjekt 6016 Knarvik vgs** gjekk ut med eit meirforbruk på kr. 6 338 699 (-5,61 %) i høve kostnadsramma. Sekretariatet har merka seg at prosjekteringsgruppa hadde kalkulert kostnadsramma til 113 mil. kr. Etter at konkurranse var gjennomført viste det seg at det var få tilbydarar på nokre av entreprisane. Ifølge eigedomsavdelinga skuldast dette oppheita byggemarknad. Dette medførte at entreprisekostnaden auka med 28 % i høve kalkylen. Det kan difor vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet. For dette prosjektet har sekretariatet også merka seg at det har teke omlag 10 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det går ikkje fram av sakspapira når tilbygget vart teke i bruk.

For **prosjekt 6023 Kvinnherad vgs** er det eit mindreforbruk i høve kostnadsramma på kr 411 210 ( 0,51%). Sekretariatet har her merka seg at det i samband med utarbeiding av romprogram i 2007 vart sett av ei ramme på 80 mill. kroner. Også i dette prosjektet viste det seg etter at det var innhenta tilbod at det var stor auke i byggekostnadene som medførte at kostnadsramma måtte aukast til 134 mill. kroner ( 69,7 %). Det kan difor også i dette prosjektet vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. For dette prosjektet har sekretariatet merka seg at det har teke omlag 10 år frå byggeprosjektet var ferdig og til prosjektrekneskap er avlagt.

For **prosjekta 7004 og 7006 Fylkeshuset** er det eit mindreforbruk i høve kostnadsramma på kr 9.702.313 ( 14,6%). Av sakspapira går det m.a. fram at noko av grunnen til mindreforbruket er avvik i framdrift i prosjektet samt vurdering opp mot planlagt rehabilitering av fylkesbygget. Som kjent er det no vedteke å rive bygget og bygge nytt.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for alle desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve opphavleg kostnadsramme og dette skuldast stor auke i byggekostnadene fram til tilbod var innhenta. og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet merkar seg at det for alle desse prosjekta har teke lang tid frå byggeprosjektet var ferdig og fram til prosjektrekneskap er avlagt. For 2 av dei har det teke omlag 10 år. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare. Dette har utvalet også kommentert ved tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

**Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har igjen merka seg at alle prosjekta har store avvik i høve opphavleg kostnadsramme og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for alle desse prosjekta har teke lang tid frå byggeprosjektet var ferdig og fram til prosjektrekneskap er avlagt. For 2 av dei har det teke omlag 10 år. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare.



Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 6016 Knarvik vgs - Revisjonsuttalelser prosjektrekskap
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06016 - Knarvik vgs. - tilbygg
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06016 - Knarvik vgs - tilbygg
- 4 6023 Kvinnherad vgs - Revisjonsuttalelser prosjektrekskap
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06023 - Kvinnherad vgs. - tilbygg
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06023 - Kvinnherad vgs - tilbygg
- 7 7004 og 7006 Fylkeshuset - Revisjonsuttalelser prosjektrekskap
- 8 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07004 og 07006 - Fylkeshuset - ombygging/opprusting
- 9 Regnskapsavslutning for Fylkesbygget ombygging / opprusting - prosjekt nr. 07004 og 07006

Til Fylkestinget

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL PROSJEKTREGNSKAP

### *Konklusjon*

Vi har revidert prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjekt 06016 «Knarvik vgs. - tilbygg». Regnskapsrapporten består av oppstilling over inntekter og utgifter per 22. november 2018. Prosjektet har hatt en kostnadsramme på totalt kr 140.612.000. Totale utgifter i prosjektregnskapet utgjør kr 146.950.699. Prosjektregnskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 6.338.699 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

Etter vår mening er prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjektet «Knarvik vgs. - tilbygg» i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med grunnlaget for regnskapsavleggelse.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*. Vi er uavhengige av fylkeskommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Presisering - Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter.

### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*


Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fylkeskommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med fylkeskommunen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 22. januar 2019  
Deloitte AS



**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.11.2018  
Vår ref.: 2018/16953-2  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06016 - Knarvik vgs. - tilbygg

KOSTNADSRAMME	140 612 000
Løyving 2003	1 000 000
Løyving 2006	5 000 000
Løyving 2007	34 000 000
Løyving 2008	50 000 000
Løyving 2009	48 000 000
Brev frå opplæring – overført frå drift til investering	300 000
Brev eigedom 2012 – sal av røyrledning	1 362 000
Erstatning prosjekteringsfeil	950 000
<b>FINANSIERING</b>	
Finansiert bruk	146 950 699,30
Meirforbruk	6 338 699,30

Overskriding vert dekkja av totalramma.

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekretariat for kontrollutvalet

***Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.***



**Notat**Dato: 22.11.2018  
Arkivsak: 2016/2011-29  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Vidar Kloster  

---

**Frå:** Eigedomsavdelinga  

---

**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06016 - Knarvik vgs - tilbygg**

Rekneskap: 146 950 699,30

Kostnadsramme ved byggestart: 138 mill. kroner. (avvik 6,5 %)  
Endeleg kostnadsramme: 140 612 000,- (avvik 4,6 %)

Løyving 2003	1 000 000,-
Løyving 2006	5 000 000,-
Løyving 2007	34 000 000,-
Løyving 2008	50 000 000,-
Løyving 2009	48 000 000,-
Brev frå opplæring – overført frå drift til investering	300 000,-
Brev eigedom 2012 – sal av røyrledning	1 362 000,-
Erstatning – prosjekteringsfeil	950 000,-
Sum	140 612 000,-

**FT 3/07:**

Utdrag frå saka:

Kostnadsoverslaget for skulen vart i samband med romprogrammet sett til kr. 92 mill. for eit nybyggareal på 4.200 m<sup>2</sup>. Denne summen er lagt til grunn i økonomiplanen. Dette gir ein m<sup>2</sup> pris på ca. kr. 22.000,-. Ved utarbeiding av forprosjektet har en vald å redusera noko på nybyggarealet og heller byggja om delar av eksisterande areal. Som ein konsekvens av at ein flyttar utdanningsprogram frå Kvernhusmyrane til Juvikstølen, er det tatt med oppussing av dei utflytta lokala på Kvernhusmyrane for bruk til andre utdanningsprogram. Dette arealet med tilhørande kostnad var ikkje med i opprinnelig romprogram. Tilrettelegging for universell utforming i eksisterande skule på Juvikstølen har og ført med seg kostnader som ikkje var med i det opprinnelege prosjektet.

Prosjekteringsgruppa har med grunnlag i forprosjektet berekna prosjektkostnaden til kr. 108 mill. Eigedomsseksjonen har vurdert kostnaden til kr. 113 mill. Prisauken i høve til økonomiplanen skuldast i hovudsak større ombyggingsareal og at byggjekostnadene har auka meir enn føreset.

Den endelege kostnadsramma får ein først når byggjearbeida har vore ute på anbod. I dagens byggjemarknad varierer prisane mykje avhengig av entreprenørane sin ordresituasjon når dei reknar på anbodet. Dei næraste åra vil ein framleis ha ein oppheita byggjemarknad. For å prøve å ta høgde for denne usikkerheten har ein lagt inn relativt høge prosenter knytt til reserver og marginer, og pris- og lønsauke.

**Fuv 232/07 – FT 66/07:**

Utdrag frå saka:

Fylkestinget godkjente forprosjektet for Knarvik vgs i mars 2007. Med utgangspunkt i kalkyler frå prosjekteringsgruppa vart kostnadsramma sett til 113 mill. kr. Tilbudsinvitasjon vart sendt ut i mai og då fristen gjekk ut var det innlevert 22 tilbud fordelt på 8 ulike entrepriser. På to av entreprisene var det berre ein tilbydar og på ein var det berre to som ga tilbud. Dette skuldast den oppheita byggemarknaden med kapasitetsproblem og dårleg konkurranse mellom tilbydarane som resultat. Den manglande konkurransen har ført til ein kraftig auke i kostnaden utover kalkylen. Totalt auka entreprisekostnaden med 28 % i forhold til kalkylen.

Dei generelle kostnadene har auka etter at ein fikk inn tilbud på byggeleing. Pris og lønnsauke er justert opp med grunnlag i høgare entreprisekostnader.

Fylkestinget godkjenner at kostnadsramma for Knarvik vidaregåande skule vert utvida frå kr 113,0 mill til kr. 138,0 mill.

**Kommentar:**

Som det framgår av dei politiske sakene vart prosjektet, mellom anna i forhold til universell utforming, meir omfattande enn opphavleg lagt til grunn, samstundes som og kostnadsauken vart høgare enn føresett i budsjettamma. Ekstra kostnader er også knytt til asbestsanering.

Vidare synte det seg i samband med innkjøring av tekniske anlegg og påfølgande garantibefaring at det var behov for ytterlegare tiltak for å få anlegga til å fungere på ein tilfredsstillande måte. Det har vore lange rundar med rådgjevarar med krav om erstatning for ekstra kostnader og dårleg prosjekterte løysingar. Ein har oppnådd noko, men har i hovudsak måtte ta ekstra kostnader og tilpassing av tekniske anlegg på eiga kappe. Kostnadane tekniske anlegg er difor blitt mykje høgare enn kalkulert. Diskusjonane som har gått har og medført at tida gjekk og ein fekk ekstra prisvekst. Siste føringar på prosjektet var gjort i 2016. Budsjettauken frå oppstart er knytt til erstatning frå rådgjevar og refusjon/kompensasjon for kostnader.

Ein rår til at prosjektrekneskapan vert avslutta med eit meirforbruk på 6 338 699,30 kr.

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

Bjarte Molvik  
seniorrådgjevar

Vedlegg: Statusrapport

Til Fylkestinget

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL PROSJEKTREGNSKAP

### *Konklusjon*

Vi har revidert prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjekt 06023 «Kvinnherad vgs. - tilbygg». Prosjektregnskapet består av oppstilling over inntekter og utgifter per 3. november 2018. Prosjektet har hatt en kostnadsramme på totalt kr 136.200.000. Totale utgifter i prosjektregnskapet utgjør kr 135.788.790. Prosjektregnskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 411.210 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

Etter vår mening er prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjektet «Kvinnherad vgs. - tilbygg» i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med grunnlaget for regnskapsavleggelse.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*. Vi er uavhengige av fylkeskommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Presisering - Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter.

### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.


Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:



- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fylkeskommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med fylkeskommunen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 22. januar 2019  
Deloitte AS



**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.11.2018  
Vår ref.: 2018/16953-3  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06023 - Kvinnherad vgs. - tilbygg

KOSTNADSRAMME	136 200 000
Løyving 2007	10 000 000
Løyving 2009	65 000 000
Løyving 2010	59 000 000
Driftsmidler 2010	2 000 000
Koro midlar 2014	200 000
<b>FINANSIERING</b>	
Finansiert bruk	135 788 789,73
Mindreforbruk	411 210,47

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekretariat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 03.11.2018  
Arkivsak: 2016/2011-36  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Vidar Kloster

---

**Frå:** Eigedomsavdelinga

---

### Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06023 - Kvinnherad vgs - tilbygg

<b>Rekneskap: 135 788 789,73</b>	<b>Samla kostnadsramme ved byggestart:</b>	<b>134 000 000,-</b>
	<b>Sluttbudsjett:</b>	<b>136 200 000,-</b>

#### Oversyn løyvingar:

Årsbudsjett 2007	løyving kr 10 000 000,-
Årsbudsjett 2008	vidareført tidlegare løyving på kr 10 000 000,-
Årsbudsjett 2009	løyving kr 65 000 000,-
Årsbudsjett 2010	løyving kr 59 000 000,-
Driftsmidler 2010	kr 2 000 000,-
Koro midler: 2014	kr. 200 000,-

#### Utdrag frå politiske saker

##### Årsbudsjett 2007

Tilbygg ved Kvinnherad vidaregåande skule har eit kostnadsoverslag på 80 mill. kr. Med ferdiggjering i 2009. For dette prosjektet er løyvingane fordelte med 10 mill. kr. I 2007, 44 mill. kr. I 2008 og 26. mill. kr. I 2009.

##### FT 38/07 Kvinnherad vidaregåande skule - Romprogram

###### Utdrag frå saka:

I økonomiplan for perioden 2007-2010 er det avsett 80 mill. kroner til utbygging ved Kvinnherad vidaregåande skule.

På dette grunnlag er det utarbeidd forslag til romprogram for utbygging / ombygging av skulen. Romprogrammet vert no fremja med tilråding at det skal leggjast til grunn for planlegging av nybygg / ombygging av skulen.

Endeleg kostnad vil ein først ha oversikt over etter tilbodsinnhenting.

**Årsbudsjett 2008**

Tilbygg ved Kvinnherad vidaregåande skule har eit førebels kostnadsoverslag på 80 mill. kr. Arbeidet med prosjektet så langt tyder på at framdrifta kan verta Seinka i høve til opphavlege planar. Også med bakgrunn i dette legg fylkesrådmannen no til grun ferdiggjering i 2010. Til prosjektet er tidlegare løyvd 10 mill. kr., og fylkesrådmannen fører opp 40 mill. kr. I 2009 og 30 mill. kr. I 2010.

**Fylkestinget**

Fylkestinget vedtok at budsjetterte midlar for kvinnherad vidaregåande skule i 2007 vert flytta til 2008 slik at det er mogleg med oppstart i 2008.

**FT 41/08 Kvinnherad vidaregåande skule - Forprosjekt****Utdrag frå saka:**

I økonomiplanen for perioden 2008-2011 er det lagt til grunn ein kostnad på 80 mill. kroner til utbygging ved Kvinnherad vidaregåande skule.

I saksframlegget til romprogrammet vart det sagt at ved seinare framlegg av forprosjektet vil prosjektkostnadane basere seg på meir detaljerte planar. Vidare vart det sagt at endeleg kostnad vil ein først ha full oversikt over etter tilbodsinnhenting.

På grunn av den store auka i byggekostnadane vi har hatt dei siste åra har ein valgt å innhenta tilbod på totalentreprise før ein ligg fram forprosjektet til godkjenning i Fylkestinget.

Kunngjøring av konkurransen vart lagt ut i Doffin i mars 2008 og 4 firma meldte sin interesse. Tilbodsfrist var satt til 05.05.08, men denne vart seinare forlenga til 12.08.08.

2 firma leverte inn tilbod og etter opning av tilboda vart den totale prosjektkostnaden fastsett til 134 mill kroner. Prisauken i høve til vedtatt kostnadsramme skuldast auke i byggekostnadane.

Utbygginga skal vera ferdig til skuleåret 2010–2011.

**Årsbudsjett 2009**

Tilbygg ved Kvinnherad vidaregåande skule hadde i siste økonomiplan eit forebels kostnadsoverslag på 80. mill. kr. Dette kostnadsoverslaget er auka til 135 mill. kr.

Også for dette prosjektet vert det rekna med ferdiggjering i 2010. tidlegare er det løyvd 10 mill. kr, og fylkesrådmannen fører opp 65 mill. kr i 2009 og 60 mill. kr i 2010.

**Årsbudsjett 2010**

Tilbygget ved Kvinnherad Vidaregåane skule har ei kostnadsramme på 134 mill. kr. Også for dette prosjektet vert det rekna med ferdiggjering i 2010. Tidlegare er det løyvd 75 mill. kr fylkesrådmannen fører opp sluttløyving på 59 mill. kr.

**Kommentar:**

Differansen på 2,2 million kroner frå kostnadsramme til endeleg budsjett skyldast at det i sluttfasen vart konkludert med at ein skulle kjøpe inn undervisningsutstyr via prosjektet samt at det kom tilskot frå Koro til å dekkje kostnadar knytt til kunstkonsulent. Begge deler var kostnadar det i utgangspunktet ikkje var tatt høgde for i byggebudsjettet. Det var difor naturleg at ekstra tilskot / overføringar til å dekke slike kostnadar vart nytta til å auke prosjektbudsjettet.

Tilbygget vart overtatt og tatt i bruk til skulestart hausten 2010, men alt ved overtaking var ein klar over at der var utfordringar og reklamasjonar knytt til tekniske anlegg. Undervegs i garantiperioden fekk ein og ein lekkasje som vart krevd utbetra som ein del av reklamasjonsarbeidet. Reklamasjonsfasen har difor blitt svært lang og dei siste arbeida vart fullført våren 2016.

Samla har prosjektet blitt gjennomført med ei lita innsparing i forhold til revidert kostnadsramme. Ein rår til at prosjektet blir avslutta.

Jostein Fjærestad  
eigedomdirektør

Bjarte Molvik  
økonomiansvarleg

Vedlegg: Statusrapport



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.11.2018  
Vår ref.: 2018/16953-4  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07004 og 07006 - Fylkeshuset - ombygging/opprusting**

KOSTNADSRAMME	66 500 000
Løyving 07004	18 500 000
Løyving 07006	48 000 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk 07004	20 904 135,05
Finansiert bruk 07006	35 893 551,67
Totalt	56 797 686,72
Mindreforbruk	9 702 313,28

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsavdelinga

Kopi: Sekretariat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





Til Fylkestinget

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL PROSJEKTREGNSKAP

### *Konklusjon*

Vi har revidert prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjekt 07004 og 07006 «Fylkeshuset - ombygging/opprusting». Prosjektregnskapet består av oppstilling over inntekter og utgifter per 25. november 2018. Prosjektet har hatt en kostnadsramme på totalt kr 66.500.000. Totale utgifter i prosjektregnskapet utgjør kr 56.797.687. Prosjektregnskapet er avsluttet med et mindre-forbruk på kr 9.702.313 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

Etter vår mening er prosjektregnskapet til Hordaland fylkeskommune for prosjektet «Fylkeshuset - ombygging/opprusting» i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med grunnlaget for regnskapsavleggelse.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*. Vi er uavhengige av fylkeskommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Presisering - Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter.

### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*


Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fylkeskommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med fylkeskommunen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 22. januar 2019  
Deloitte AS



**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

**Notat**Dato: 25.11.2018  
Arkivsak: 2018/505-6  
Saksbehandlar: bjamolv

---

**Til:** Vidar Kloster

---

**Frå:** Bjarte Molvik**Regnskapsavslutning for Fylkesbygget ombygging / opprusting - prosjekt nr. 07004 og 07006**

Prosjekt nr.	Prosjekt navn	Brutto regnskap	Netto regnskap	Budsjett	Avvik budsjett / netto regnskap
07004	Fylkeshuset ombygging/Opprusting	20 904 135	20 904 135	18 500 000	13,00 %
07006	Fylkeshuset ombygging/Opprusting	35 893 552	34 937 523	48 000 000	-27,21 %
Sum		56 797 687	55 841 658	66 500 000	-16,03 %

**Kommentar**

Første løyving vart gjeve til prosjekt nr. 07004 i 2006 og siste løyving vart gjeve i til prosjekt nr. 07006 i 2018. At det er to ulike prosjekt nr. skuldast regnskaps- / budsjett tekniske forhold. Løyvingane har i praksis vore løyvde årleg med ulike beløp og blitt disponert av eigedomssjef / eigedomdirektør ut frå premissane gjeve den tekstlege delen av dei årlege budsjetta. Der er noko avvik over år mellom anna på bakgrunn av avvik i framdrift på delprosjekt, samt at ein i heile levetida for prosjekt nr. 07006 har vore vurdert behova opp mot planlagt rehabilitering (no vedteken) riving av fylkesbygget. I sum har ein difor ei stor innsparing i forhold til dei samla løyvingane som er løyvde.

Av større delprosjekt kan nemnast mellom anna ombygging av kantine, utskifting av heisar, etablering av kjøling, tilrettelegging for sykling med etablering av garderobar og ombygging av kontorar / rom som følgje av endra behov og arbeidsmetodar.

Det har ikkje vore praksis å avslutte prosjekta / etablere nye prosjekt nummer kvart år, men i samband med at det no er konkludert med at fylkesbygget skal rivast i 2020 er det ikkje grunnlag for å føre kostnadar til bygget i investeringsrekneskapen. Ein rår difor til at prosjekta vert avslutta.

Jostein Fjærestad  
EigedomdirektørBjarte Molvik  
økonomiansvarleg

Vedlegg: Regnskapsrapport



Arkivnr: 2017/2535-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	5/19	11.02.2019
Fylkestinget		

## Årsmelding for kontrollutvalet for 2018

### Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å tilbakemelde til fylkestinget, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til fylkestinget. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at fylkestinget godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KONTROLLUTVALET

i

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## ÅRSMELDING 2018



### **Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune**

Foto: Hogne Haktorson

# Innhold

1. Om kontrollutvalet:.....	3
2. Fakta om verksemda i 2018.....	4
3. Måla til kontrollutvalet.....	4
4. Opplæring av kontrollutvalet og andre.....	4
5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	4
6. Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar .....	5
7. Sekretariat for kontrollutvalet .....	5
8. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	5
9. Kontrollutvalet til Voss.....	5
10. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen .....	5
11. Rekneskapsrevisjonen .....	6
12. Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma .....	6
13. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar .....	9
14. Gjennomførte selskapskontrollar.....	15
15. Andre saker .....	18
OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTROLLAR .....	19
1. Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid .....	19
2. Forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga.....	20
3. Selskapskontroll av Hardanger AKS AS .....	20
4. Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i .....	21
5. Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 .....	22
5.1. Forvaltningsrevisjon av NDLA til Økokrim.....	23
6. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2 .....	23
7. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .....	24
8. Selskapskontroll av Hordaland Teater LL .....	25

# 1. Om kontrollutvalet:

## Lovgrunnlag

Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 (kommuneloven) § 77, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 15.06.2004, med heimel kommunelova § 77 nr. 11, "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner".

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

## Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sitt tilsyn og kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet skal m.a. sjå til at dei saker som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarlig utgreidd og gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune var også sekretariat for kontrollutvala i desse 17 kommunane i 2018: Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Fusa, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet sekretær for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

## For valperioden 2015 – 2019 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Inge Reidar Kallevåg (H), leiar
- Kristian Helland (KRF), nestleiar
- Åse Gunn Husebø (Ap)
- Sara Berge Økland (H)
- Terje Kollbotn (R)

Etter søknad gav fylkestinget Sara Berge Økland (FRP) permisjon fram til 01.07.2018. I hennar permisjonstid valde fylkestinget Ruth Eriksen (FRP).

Inger Reidar Kallevåg (H), Åse Gunn Husebø (Ap) og Terje Kollbotn (R) har sete i fylkestinget.



## 2. Fakta om verksemda i 2018

- Kontrollutvalet hadde 8 ordinære møter
- Kontrollutvalet handsama 131 saker
- Møta vart haldne for opne dører
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

## 3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at sakshandsaminga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutineane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å nytte dei fylkeskommunale midlane optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

## 4. Opplæring av kontrollutvalet og andre

I januar 2018 deltok kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring i Molde for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I januar 2019 er det planlagt ny felles folkevaldopplæring i Stavanger (Sola) for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I løpet av 2018 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Offentlege anskaffingar, inkl. kontraktsoppfølging», «Habilitet» og «Ny kommunelov». Kostnaden til desse kursa ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

Medlem i kontrollutvalet, Terje Kollbotn, deltok på NKRF-konferansen på Gardermoen 07. – 08.02.18.

## 5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fylkestinget vedtok i marstinget 2017 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Hordaland fylkeskommune frå 1. juli 2017 til og med 30. juni 2021.

Ansvarlig revisor i 2018 har vore partner Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengighet som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

## 6. Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar

Kontrollutvalet har bede Møre og Romsdal revisjon IKS om å revidere kontrollutvalet og sekretariat for kontrollutvalet sine egne rekneskapar. Dette er gjort av omsyn til å ivareta kontrollutvalet si uavhengighet.

## 7. Sekretariat for kontrollutvalet

Sekretariatet har løyve til å selje tenester til andre kommunar i fylket. Dette har resultert i at sekretariatet pr. 31.12.2018 leverte sekretærtenester til kontrollutvala i desse kommunane: Voss, Øygarden, Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Fusa, Sund, Fitjar, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet også sekretær for kontrollutvalet i Bergen kirkelige fellesråd.

Sekretariatet disponerer pr. 31.12.18 i alt 5 tilsette med til saman 4,8 årsverk.

## 8. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT hadde sin årlege fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen i tidsrommet 29. – 30.05.2018. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune hadde denne gongen ein deltakar på konferansen, Terje Kollbotn.

Konferansen inneheld desse hovudtemaa: «Åpning av Stortingsrepresentant Svein Harberg», «Arbeidslivskriminalitet», «Barnevernet - Land», «Rådmann og kontrollutvalget – samarbeid eller konflikt», «Veileder kontrollutvalgets sekretariat», «Ny kommunelov» og «Etikk».

## 9. Kontrollutvalet til Voss

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomførte i tida 27. – 28.08.2018 studietur til fylkeskommunale einingar i Voss kommune.

Utvalet besøkte Voss kommune der tema var samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen. Voss herad vart også besøkt med tema utfordringar og status i kommunesamanslåinga. Vidare vart Myrkdalen fjellandsby og Voss vidaregåande skule besøkt av kontrollutvalet.

## 10. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen

Av rekneskapen for 2017 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 174,1 mill dvs. netto resultatgrad på 1,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2013 (+ 6,62 %), 2014 (+ 0,66 %), 2015 (+ 2,07 %), 2016 (+ 2,88 %) og 2017 (+ 1,96 %). Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2017 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Dette var og tilfelle i 2015 og 2016.

Kontrollutvalet oppsummerte slik i sin uttale til årsrekneskapen:

1. *Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis aukar og utgjer ved utgangen av 2017 113,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.*
2. *Kontrollutvalet meiner denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa denne gjeldsveksten.*
3. *Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2017 vart på 2% medan måttalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4%. Kontrollutvalet har og merka seg at i 9 av dei siste 10 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.*
4. *Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt.*
- 2- På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Askøy bompengeselskap AS, Beredt AS, Bybanen AS, Hardanger AKS AS, Hardangerbrua AS, Hordaland Teater L/L, Kveik AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Odda Vegfinans AS, Sunnhordland Lufthavn AS og Vestnorsk filmsenter AS** syta for å:
  - a. Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten
  - b. Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket
  - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne selskapskontrollen er fulgt opp ved 4 høve i 2017 og 2018 når det gjeld **dei 11 selskapa**, siste gong i møte 12.03.2018 der det vart gjort slikt vedtak for det siste selskapet:

*«Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap og seier seg ferdig med saka.»*

Når det gjeld oppfølging av den delen av selskapskontrollen som **Fylkesrådmannen** har ansvar for er det gjort oppfølging ved 7 høve i 2017 og 2018, siste gong i møte 17.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og seier seg ferdig med saka.»*

## 5. Forvaltningsrevisjon av NDLA 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon av NDLA 1 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon NDLA – Del 2 i møte 16.2.16. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 03.10.17 og det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
  1. Avviksmelding og -handtering.
  2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir fulgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2017 og 2018 der det vart gjort slikt vedtak i møte 24.09.2018:

*«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2 og seier seg ferdig med saka.»*

## 5.1. Forvaltningsrevisjon av NDLA til Økokrim

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune sendte 23.11.2017 ei bekymringsmelding til Økokrim gjeldande NDLA. Kontrollutvalet fekk denne lagt fram som referatsak RS 70/17 i møte 29.11.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Deloitte vil lage eit notat til kontrollutvalet med eit tilsvar til RS 70/17 «Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA» innan 15.01.2018.*
2. *Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til møte i kontrollutvalet 05.02.2018 i høve notatet frå Deloitte. Saka skal også innehalde resultat av vedtak i fylkestinga i dei andre 17 fylkeskommunane som har eigardel i NDLA.*
3. *Sekretariatet vert også beden om å ta kontakt med økokrim for å få greie på om dei vil opne sak eller ikkje, samt korleis Økokrim generelt handterer bekymringsmeldingar ift. anmeldelse.*

Kontrollutvalet handsama notat frå Deloitte i tråd med punkt 1 i vedtaket over i møte 05.02.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalt tar notat frå Deloitte dagsett 12.01.2018, der dei kommenterer bekymringsmeldinga frå kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune til Økokrim vedrørende NDLA og Cerpus AS, til orientering.*
2. *Kontrollutvalet meiner at det ikkje vil vera føremålstenleg at Hordaland fylkeskommune sender bekymringsmelding til Økokrim så lenge kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune allereie har gjort det.*

Kontrollutvalet er seinare vorte gjort kjend med at Økokrim har vald å ikkje gå inn i saka.

## 6. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skula - Del1 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift – Del 2 i møte 17.11.16. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget i møte 06.03.2018 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
2. *Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
3. *Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
4. *Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
5. *Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:*
  - a) *korleis forretningsdrift skal bli budsjettert*
  - b) *kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert*
  - c) *første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for*
  - d) *riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva*
  - e) *eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje*

skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie

- f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
  7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over i møte 04.06.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.

## 7. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar. Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 13.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialisierende og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
  - a) grunngjeving av enkeltvedtak
  - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
  - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
  - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringsstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av

- målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»*
11. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.»*

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen er gjort ved 2 høve i 2017 og 2018 der det i møte i kontrollutvalet 27.08.2018 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på at det er gjennomført mykje forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar.*
2. *På bakgrunn av at det som går fram av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017, innan 31.12.2018.*

## 8. Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 selskapskontroll av Hordaland Teater. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 13.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

1. *Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.*
2. *Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.*
3. *Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.*
4. *Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.*
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*På bakgrunn av selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget styret syta for å:*

1. *Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.*
2. *Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.*
3. *Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.*
4. *Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:*
  - *Økonomi*
  - *offentlege anskaffingar*
  - *personalområde*
  - *handsaming av avvik*
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Selskapskontrollen er fulgt opp ved 2 høve i 2017 og 2018 når det gjelder **Hordaland Teater LL** sitt ansvar der det vart gjort slikt vedtak i møte 27.08.2018:

- B1. *Kontrollutvalet ser positivt på at styret/dagleg leiar i **Hordaland Teater LL** i hovudsak er ferdig med å gjennomføre forbetningsarbeid etter den gjennomførte selskapskontrollen i selskapet.*
- B2. *På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg nøgde med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskje lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.*

Selskapskontrollen er fulgt opp ved 3 høve i 2017 og 2018 når det gjelder **Fylkesrådmannen** sitt ansvar der det vart gjort slikt vedtak i møte 19.11.2018:

*«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå **fylkesrådmannen** når det gjeld selskapskontroll av Hordaland Teater LL og seier seg ferdig med saka.»*

**Hordaland  
Fylkeskommune**

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 55 23 90 00

e-post: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no)  
e-post: [roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no)  
e-post: [kari.nygaard@hfk.no](mailto:kari.nygaard@hfk.no)  
e-post: [kjartan.haugnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugnes@hfk.no)  
e-post: [helge.johansen@hfk.no](mailto:helge.johansen@hfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)





Arkivnr: 2018/17548-3

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	6/19	11.02.2019

## Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma - Forslag til prosjektplan

Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet handsama sak PS 125/18 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 17.12.2018 og dette vart protokollert:**

### «Handsaming i møte

*I diskusjonen kom det fram forslag om desse to prosjekta:*

- *Prosjekt nr. 5: «Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel»*
- *Prosjekt nr. 9: «Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)»*

*Etter prøveavrøysting vart det 4 stemmer for prosjekt 9 og 1 stemme for prosjekt 5.*

*Moment/problemstillingar vert m.a. ein del av bestillinga for prosjekt 9:*

- *Forskjell Hordaland vs. Sogn og Fjordane*
- *System og rutinar*
- *Kompetanse og ressursar*
- *Kvalitet i arbeidet (likebehandling)*
- *Tilfredstillande system?*
- *Blir politiske vedtak på området følgd?*
- *Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarorganisasjonar bør involverast*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

### Vedtak

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga).*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.01.2019.*
4. *Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*
5. *Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 11.02.2019.»*

**Vi har motteke forslag til prosjektplan (vedlagt) i tråd med vedtaket over. I tråd med punkt 4 er den godkjent av utvalsleiar i samråd med sekretariatet. Dette er meddelt Deloitte 18.01.2019 i slik e-post:**

*«Prosjektplanen er sendt til leiar i kontrollutvalet. I samråd med han er prosjektplanen godkjend slik den ligg føre og arbeidet kan startas opp. Det vil vera ei føremon om rapporten, dersom det er mogleg, kan vera klar til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 02.09.2019 slik at den kan handsamast i siste møte i fylkestinget i denne valperioden.»*

#### Drøfting:

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

*Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om TT-ordninga blir forvalta i samsvar med gjeldande vedtak og retningslinjer.*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. *I kva grad er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for tildeling av TT-tenester i samsvar med intensjonen for ordninga?*
2. *I kva grad skjer handsaming av søknader om TT kort i samsvar med regelverk, gjeldande retningslinjer og vedtak, under dette krav til likehandsaming og individuell vurdering av søknader?*
3. *I kva grad er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for handsaming av klager?*
4. *I kva grad har fylkeskommunen gjennomført ei evaluering av om ordninga fungerer etter intensjonen?*
  - a) *Er det etablert eit system for å melde og følgje opp avvik knytt til praktisering av ordninga?*
  - b) *Blir brukarane og/eller brukarorganisasjonar involvert i utvikling av tenesta?*
5. *I kva grad skiljer TT ordninga i Hordaland fylkeskommune seg frå korleis ordninga er organisert og praktisert i Sogn og Fjordane fylkeskommune med omsyn til:*
  - a) *Organisering*
  - b) *Retningslinjer*
  - c) *Omfang (tal brukarar og kostnader per brukar)*

#### **Deloitte har definert slik avgrensing**

*Forvaltningsrevisjonen vil ikkje omfatte ei vurdering av TT ordninga i Sogn og Fjordane, men vil innhente tilstrekkeleg informasjon til å gjere ei samanlikning av tilbodet i Hordaland fylkeskommune og tilbodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.*

Av prosjektplanen går det vidare fram at Deloitte i dette revisjonsprosjektet m.a. vil nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 6-7 intervju med utvalde personar i Hordaland fylkeskommune som arbeider med TT-ordninga. I tillegg vil dei gjennomføre intervju med representantar frå «Råd for menneske med nedsett funksjonsevne» samt brukarorganisasjonar.

Det vil vera ei føremon om rapporten, dersom det er mogleg, kan vera klar til å verta handsama i kontrollutvalet sitt møte 02.09.2019 slik at den kan handsamast i siste møte i fylkestinget i denne valperioden.

Prosjektet er starta opp og Deloitte vil i dette møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon:

Det vil vera ei føremon om rapporten, dersom det er mogleg, kan vera klar til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 02.09.2019 slik at den kan handsamast i siste møte i fylkestinget i denne valperioden. Dersom det ikkje kjem fram andre særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapporten, dersom det er mogleg, vert levert sekretariatet innan 19.08.2019. Dette slik at den kan handsamast i kontrollutvalet sitt møte i september og vidare til siste møte i fylkestinget i denne valperioden.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktørson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon av TT-ordninga



## **Forvaltningsrevisjon | Hordaland fylkeskommune** Transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga) Prosjektplan/engagement letter

Januar 2019

«Forvaltningsrevisjon av TT  
ordninga - prosjektplan»

Januar 2019

Prosjektplan utarbeidd for  
Hordaland fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Innhold

1.	Føremål og problemstillinger	4
2.	Revisjonskriterium	5
3.	Metode	6
4.	Tid og ressursbruk	7

# 1. Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 17.12.2018 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga) i Hordaland fylkeskommune.

TT-ordninga er eit tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære offentlege kollektive rutetilbodet. For desse tilbyr Hordaland fylkeskommune tilrettelagt transport med drosje eller spesialbil. Dersom søknaden blir innvilga vil ein få eit TT-kort til betaling av reisa. Tidlegare fann sakshandsaminga stad både i kommunane og i fylkeskommunen. Etter 1. juli 2018 blei all sakshandsaming flytta til fylkeskommunen for å legge til rette for lik handsaming av søknader på tvers av kommunar, og for at søkjarane skulle sleppe å forhalde seg til to offentlege etatar.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om TT-ordninga blir forvalta i samsvar med gjeldande vedtak og retningslinjer. Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for tildeling av TT-tenester i samsvar med intensjonen for ordninga?
2. I kva grad skjer handsaming av søknader om TT kort i samsvar med regelverk, gjeldande retningslinjer og vedtak, under dette krav til likehandsaming og individuell vurdering av søknader?
3. I kva grad er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for handsaming av klager?
4. I kva grad har fylkeskommunen gjennomført ei evaluering av om ordninga fungerer etter intensjonen?
  - a) Er det etablert eit system for å melde og følgje opp avvik knytt til praktisering av ordninga?
  - b) Blir brukarane og/eller brukarorganisasjonar involvert i utvikling av tenesta?
5. I kva grad skiljer TT ordninga i Hordaland fylkeskommune seg frå korleis ordninga er organisert og praktisert i Sogn og Fjordane fylkeskommune med omsyn til:
  - a) Organisering
  - b) Retningslinjer
  - c) Omfang (tal brukarar og kostnader per brukar)

## 1.3 Avgrensingar

Forvaltningsrevisjonen vil ikkje omfatte ei *vurdering* av TT ordninga i Sogn og Fjordane, men vil innhente tilstrekkeleg informasjon til å gjere ei samanlikning av tilbodet i Hordaland fylkeskommune og tilbodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## 2. Revisjonskriterium

### 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Krav i lov og forskrift

#### 2.2.1 Lokal forskrift for TT ordninga

Det følgjer ikkje av lov eller forskrift kven som skal ha ansvaret for den tilrettelagte transporten for funksjonshemma (TT-ordninga). I samband med handsaminga av St.meld. nr. 92 (1984–85) Om transport av funksjonshemmede 10. april 1986, meinte imidlertid Stortinget at ansvaret for transport av funksjonshemma burde ligge på same forvaltningsnivå og i same etat som har ansvar for kollektivtransport, det vil sei fylkeskommunane, jf. Innst. S. nr. 106 (1985–86). Dette har i etterkant blitt følgt opp, ved at midlar for denne transporten er blitt lagt inn i rammeoverføringane til fylkeskommunen.

I Samferdselsdepartementets rundskriv N-4/97 ble fylkeskommunane gitt i oppgave å utarbeide regelverk om spesialtransporten for funksjonshemma (TT-transport).

Hordaland fylkeskommune har vedtatt ei lokal forskrift for TT ordninga. Forskrifta regulerer vilkår for å bli godkjent som brukar, krav til søknaden, godkjenningsperiode, brukarkvotar, omfang m.m. Denne føresegna trådde i kraft frå 01.07.2018. Frå same tid blei Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland, 01.11.2014, oppheva.

#### 2.2.2 Forvaltningslova

Tildeling av TT-kort er eit enkeltvedtak og omfatta av reglane i forvaltningslova § 28. Sivilombudsmannen har i samband med ei klagesak uttalt at både godkjenning som TT brukar og tildeling av ulike typar kort, deier seg om tildeling av ein rett som kan påklagast (2012/1871).

### 2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.



## 3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

### 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om fylkeskommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

### 3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar frå Hordaland fylkeskommune som arbeider med TT-ordninga. Vi vil også kontakte Sogn og Fjordane fylkeskommune for å få eit intervju knytt til korleis ordninga blir praktisert der. Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 3 intervju.

Vi vil også intervjuje representantar frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne samt brukarorganisasjonar, til saman 3-4 intervju.

Til saman vil det bli gjennomført 6-7 intervju.

### 3.3 Stikkprøvegjennomgang

Revisjonen vil gjennomføre ein stikkprøvekontroll av:

- Vedtak om tildeling av tenester (5-10)
- Vedtak om avslag på søknad (5-10)

### 3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til fylkeskommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil ble vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

## 4. Tid og ressursbruk

### 4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Birte Bjørkelo (STILLING), og Mia Bratz (senior konsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

### 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 290 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i fylkestinget. Ein eventuell presentasjon av rapporten i fylkestinget vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

### 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere i slutten av januar 2019 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan midten av september 2019. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at fylkeskommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Deloitte.

Bergen, 18. januar 2019



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

© 2019 Deloitte AS



Arkivnr: 2019/685-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	7/19	11.02.2019

## Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Forslag til prosjektplan

### Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 17.12.2018 vart dette protokollert i sak PS 120/18 Oversendingsspørsmål frå utval for opplæring og helse:

### «Handsaming i møte

Etter felles drøfting i kontrollutvalet vart det semje om å gå for alternativ A i forslag til vedtak.

### Følgjande problemstillingar/moment vert m.a. ein del av bestillinga:

- Avklare med departementet
- Praksis frå Akershus, Rogaland og Trøndelag
- Lovtolking på spesialundervisning i private skular vs. offentlege
- Kven har finansieringsansvaret for private skular på dette området
- Spesialundervisning reletert til den einskilde elev eller det totale elevtalet
- Jf. også Ljosland sine spørsmål i OPHE – RS 58/18

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide ei vurdering av lovtolkinga i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Dei vert beden om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil gjennomføre arbeidet, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.
3. Planen skal leverast sekretariatet seinast innan 21.01.2019 og handsamast i neste møte i kontrollutvalet.»

### Drøfting:

Vi har motteke forslag til vedlagte prosjektplan for «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular» i tråd med vedtaket over.

**Av forslag til prosjektplan går det fram at føremålet med vurderinga vil vera:**

«Føremålet med oppdraget er å vurdere Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.»

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande 2 problemstillingar:**

1. Er Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular i samsvar med relevant regelverk?
2. I kva grad har andre fylkeskommunar, representert ved Akershus, Rogaland og Trøndelag, andre ordningar for finansiering av spesialundervisning i friskular?

Av prosjektplanen går det vidare fram at Deloitte i dette revisjonsprosjektet vil m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 1-2 intervju med utvalde personar som har detaljert kunnskap om finansieringsmodellen som Hordaland fylkeskommune nyttar. I tillegg vil dei innhente informasjon frå dei tre fylkeskommunane som går fram av problemstilling 2 over og følgje opp dette med telefonsamtalar.

Prosjektet skal starta opp i siste halvdel av februar og vil vera ferdig til levering i sekretariatet innan 10.05.2019. Vurderinga vil bli presentert i eit notat/memo, men det går ikkje klart fram av prosjektplanen om det er tenkt at dette skal leggjast fram for fylkesrådmannen til uttale før det vert send kontrollutvalet, jf. kommuneloven § 77.6. Vi legg likevel til grunn at det vil skje.

**Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det aksepterasst opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigeret prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.02.2019.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side seinast innan 10.05.2019, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Prosjektplan - finansiering av spesialundervisning i friskular - Hordaland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

21. januar 2019

## **PROSJEKTPLAN/ENGAGEMENT LETTER – Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular**

I samsvar med vedtak i kontrollutvalet 17. desember 2018, har Deloitte utarbeidd ein prosjektplan for vurdering av Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.

Deloitte si rapportering i samband med oppdraget vil ha form som eit notat/memo.

### **Føremål og problemstillingar for oppdraget**

Føremålet med oppdraget er å vurdere Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular, og følgjande problemstillingar vil bli besvart:

1. Er Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular i samsvar med relevant regelverk?
2. I kva grad har andre fylkeskommunar, representert ved Akershus, Rogaland og Trøndelag, andre ordningar for finansiering av spesialundervisning i friskular?

Ein gjennomgang av relevant regelverk vil liggje til grunn for vurdering av problemstilling nr 1. Sentrale moment vil vere om ordninga ivaretek krav om likebehandling, om enkeltelevar sin rett til spesialundervisning blir ivareteke, og om modellen som blir nytta for berekning av midlar til spesialundervisning er i samsvar med krav i regelverket.

Problemstilling nr. 2 er deskriptiv, og revisjonen vil presentere dei ordningar som føreligg i dei nemnde fylkeskommunane, og skildre eventuelle ulikskapar og likskapar med Hordaland fylkeskommune si ordning. Ein føresetnad for at dette vil la seg gjere, er at dei aktuelle fylkeskommunane vil dele informasjon om sine finansieringsordningar for spesialundervisning i friskular med Deloitte.

### **Metode**

Revisjonen vil gjennomgå aktuell dokumentasjon knytt til fylkeskommunen si finansiering av spesialundervisning i friskular. I tillegg vil revisjonen intervju 1-2 personar i fylkeskommunen som har detaljert kunnskap om finansieringsmodellen fylkeskommunen nyttar. Oppsummering av intervju vil bli sendt til verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i notatet/memoen som vil bli utarbeidd.

Revisjonen vil kontakte Akershus fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune, med førespurnad om å få tilsendt skriftleg informasjon om modellane dei tre fylkeskommunane nyttar når det gjeld finansiering av spesialundervisning i friskular. Eventuelle avklaringar vil bli gjort per telefon med relevante personar i kvar av dei tre fylkeskommunane.

**Personell**

Prosjektleder for prosjektet vil vere senior manager Line Margrete Johansen. I tillegg vil teamet bestå av senior manager/advokat Hanne P. Gulbrandsen og konsulent Helga Rognstad. Stein Ove Songstad vil vere ansvarleg partner på oppdraget.

**Pris**

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og planen som er lagt for korleis det skal bli gjennomført, er det stipulert at det vil ta om lag 125 timar å gjennomføre undersøkinga og utarbeide notatet. Dersom det kjem fram problemstillingar som krev ytterlegare undersøkingar utover denne ramma, vil revisjonen ta dette opp med kontrollutvalet. Dersom det ikkje er nødvendig å nytte heile ramma for å svare på problemstillingane, vil revisjonen heller ikkje fakturere for meir enn faktisk medgått tid. Presentasjon av resultatet av våre undersøkingar og vurderingar for kontrollutvalet er inkludert i timeestimatet.

Tidsestimatet inkluderer ikkje førebuing og presentasjon av resultatet av våre undersøkingar og vurderingar i fylkestinget. Ein slik presentasjon vil bli fakturert per forbruk, opptil 6 timar.

**Levering**

Prosjektet kan startast opp i løpet av siste halvdel av februar 2019 og kan sendast til kontrollutvalet ved sekretariatet innan 10. mai 2019, eller etter nærmare avtale. For å kunne gjennomføre oppdraget innan denne fristen og med stipulert timebruk, er det ein føresetnad at fylkeskommunen innan dei fristar som blir sett stiller nødvendig dokumentasjon tilgjengeleg og at utvalde personar eventuelt stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Deloitte og Hordaland fylkeskommune.

Med venleg helsing  
Deloitte AS



**Stein Ove Songstad**  
Partner



Arkivnr: 2017/17902-15

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	8/19	11.02.2019

## Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 9/18 i møte 05.02.2018:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.02.2018.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
4. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
5. *Det er ønskeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 29.10.2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

#### Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å vurdere om kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune er organisert på ein føremålstenleg måte og å undersøke i kva grad fylkeskommunen utfører oppgåver i tilknytning til kulturminneforvaltninga i tråd med mål, regelverk og fylkeskommunale vedtak.»

#### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **Er den overordna styringa innan kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune tilfredsstillande?**
  - a) *I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert tydelege mål og planar for kulturminneforvaltninga?*
  - b) *I kva grad blir det rapportert omkring måloppnåing og gjennomføring innan kulturminneforvaltninga?*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



- c) *I kva grad er det gjennomført risikoanalyser knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar innan kulturminneforvaltninga?*
  - d) *Er det etablert tydeleg ansvars- og oppgåvedeling for dei som arbeider med kulturminneforvaltning?*
  - e) *Har Fylkeskommunen gjort analyser for å tilpasse kapasitet og kompetanse til å følgje opp eksisterande oppgåver og nye arbeidsoppgåver som tidlegare har vore eit statleg ansvar?*
- 2. I kva grad har fylkeskommunen etablert tilfredsstillande system og rutinar for å ivareta sitt ansvar for kulturminneforvaltning?**
- a) *Har fylkeskommunen tilfredsstillande retningslinjer og sakshandsamingsrutinar for å sikre sams praksis og etterleving av sentrale krav i lovverket i samband med kulturminneforvaltninga?*
  - b) *Har fylkeskommunen etablert tydelege kriterium knytt til tilskot til musea?*
  - c) *Har fylkeskommunen sikra eigna og tilstrekkelege fora for samhandling med stat, kommunar og musea om kulturminneforvaltninga?*
- 2. I kva grad etterlever fylkeskommunen sentrale lover, reglar og nasjonale mål i arbeidet med kulturminneforvaltninga?**
- a) *Er sakshandsaminga innan kulturminneforvaltning i tråd med lovverket og delegert ansvar på utvalde område?*
    - i. *I kva grad klarer fylkeskommunen å etterleve aktuelle tidsfristar for sakshandsaming?*
    - ii. *I kva grad blir fylkeskommunen sine sakshandsamingsrutinar følgt?*
  - b) *I kva grad nyttar fylkeskommunen tilgjengelege verkemiddel for å redusere tapet av verneverdige kulturminner?*
    - i. *I kva grad gjev fylkeskommunen pålegg om utbetring av forsømte freda byggverk jf. §17 i kulturminnelova*
    - ii. *I kva grad har fylkeskommunen kapasitet til å vurdere og ev. komme med motsegn i aktuelle saker frå kommunane?*

**Deloitte orientert om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning i møte 19.11.2018 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport vert levert sekretariatet seinast innan 21.01.2019, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Informasjonen vert elles teke til orientering.*

**Deloitte orientert om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning i møte 17.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport vert levert sekretariatet seinast innan 21.01.2019, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Informasjonen vert elles teke til orientering.*

Drøfting:

**Sekretariatet mottok slik e-post frå manager i prosjektet i Deloitte 23.01.2019:**

*«Jeg har beklageligvis ikke fått de avklaringene jeg trenger for å gi deg tilbakemelding slik jeg lovet i går. I dag er jeg på reise, men jeg kontakter deg ut på dagen i morgen.»*

**Sekretariatet svarte slik på denne e-posten:**

*«Vi registrerer at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning skulle vore levert 31.10.2018. Levering er vorte forseinka fleire gonger, først til 26.11.2018 og så til 21.01.2019. Når den no*

*ikkje er levert likevel innan den siste fristen er det stor risiko for at rapporten ikkje vil rekke handsaming i kontrollutvalet 11.02.2019 slik planen var. Vidare betyr det at rapporten heller ikkje vil rekke handsaming i fylkestinget i mars 2019, men må ligge til tingsetet i juni 2019.*

*Kontrollutvalet godkjende prosjektplanen for denne forvaltningsrevisjonen i møte 05.02.2018, altså for snart eit år sidan. Det er ikkje tilfredsstillande at det skal ta så lang tid å få levert ferdig ein forvaltningsrevisjon. Vi ber difor om at Deloitte intensiverer arbeidet med å ferdigstille rapporten slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.02.2019.»*

Sekretariatet har etter dette hatt munnleg kontakt med Deloitte som stadfester at rapporten ikkje vil vera klar til handsaming i dette møtet. Ny frist for levering av revisjonsrapport er føreslått til seinast 11.03.2019. Deloitte har også stadfesta at dei vil gje kontrollutvalet ei grundig munnleg orientering om kvifor denne forvaltningsrevisjonen er vorte så forseinka.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet aksepterer at revisjonsrapporten vert levert sekretariatet seinast innan 11.03.2019 og at informasjonen elles vert teken til orientering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet aksepterer at forvaltningsrevisjonsrapport innan kulturforvaltning vert å levere sekretariatet **seinast** innan 11.03.2019, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2017/4190-17  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	9/19	11.02.2019

## Selskapskontroll av VIGO IKS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalt handsama denne saka i sak PS 69/17 «Invitasjon til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS» i møte 15.06.2017. I saksframlegget gjekk det fram dette:**

«Sekretariatet mottok 05.05.2017 invitasjon frå Kontrollutvalgssekretariat Midt-Norge IKS (KonSek) om å delta på ein selskapskontroll som Sør-Trøndelag fylkeskommune har bestilt av VIGO IKS, jf. vedlegg.

Av invitasjonen frå Sør-Trøndelag fylkeskommune går det m.a. fram dette:

«Det er flere elementer som talar for at selskapet nå er aktuelt for en selskapskontroll: Det står for drift og utvikling av tjenester av høy vesentlighet for eierkommunene, det har høye budsjett, få ansatte og gjennomfører komplekse anskaffelser av høy verdi. I kombinasjon med stor geografisk spredning på eiersiden indikerer de nevnte elementene en rekke risikoområder, som det vil være hensiktsmessig å få en gjennomgang av.»

VIGO [www.vigoiks.no](http://www.vigoiks.no) er eit interkommunalt selskap som er eigd av alle fylkeskommunane og Oslo kommune og er lokalisert i Skien. Selskapet skal ivareta utvikling av fylkeskommunane sine IT-system innan vidaregåande opplæring. Det er organisert med eit representantskap på 19 medlemmar, eit frå kvar eigarfylkeskommune, og eit styre på 5 medlemmar. Eigarfylkeskommunane finansierer selskapet sine drifts- og utviklingsoppgåver med i hovudsak likt tilskot, men også ein prosentdel fastsett ut frå elevtal. Budsjettet i selskapet har hatt ein auke frå 10,5 millionar kroner i 2012 til vel 74 millionar kroner i 2015.

Vidare går det fram av invitasjonen at tanken er at Revisjon Midt-Norge IKS skal ha ansvar for planlegging, gjennomføring av prosjektet og stå for den praktiske koordineringa av sjølve revisjonsgjennomgangen. KonSek skal stå for koordineringa av bestillingane frå dei andre eigarfylkeskommunane.

I utgangspunktet er sekretariatet positiv til at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bør delta i dette prosjektet. Likevel meiner sekretariatet at det ikkje ligg føre godt nok grunnlag for at kontrollutvalet bør gjera positivt vedtak enno.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hordaland fylkeskommune har som kjent Deloitte AS som vald revisor for både rekneskapsrevisjon, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll og forvaltningsrevisjon frå Deloitte AS med bakgrunn i bestillar/utførar modellen. Her vert det lagt til grunn at kontrollutvalet bestemmer kva som skal reviderast og revisor bestemmer korleis dei skal gjennomføre revisjonen. Det betyr at det vert lagt stor vekt på å involvere kontrollutvalet i å formulere både føremål og problemstillingar i ein idé dugnad. På bakgrunn av dette vert revisor beden om å lage forslag til prosjektplan som inneheld m.a. føremål, problemstillingar (kva vil kontrollutvala ha svar på), revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert godkjent av kontrollutvalet som endeleg bestilling til revisjonen. Dersom det vert behov for å gjera endringar i prosjektplanen undervegs i revisjonsprosjektet skal dette godkjennast av kontrollutvalet.

I den mottekne invitasjonen kan vi ikkje sjå at det er tenkt lagt opp til ei slik involvering av kontrollutvala i alle dei 19 eigarfylkeskommunane. Det går i staden fram av invitasjonen at det er ei referansegruppe bestående av representantar frå kvar av dei valde revisorane i dei 19 eigarkommunane som skal ha ansvar for «å forankre» dette arbeidet. Ved å gjera det slik vel kontrollutvala å overlate ansvaret for å formulere bestillinga til den som skal utføre revisjonen, altså revisor i eigarfylkeskommunane. Kontrollutvala må i tilfelle akseptere at det vert gjennomført eit revisjonsoppdrag som dei ikkje veit innhaldet i og heller ikkje kostnaden med før det er ferdig gjennomført.

Vi meiner at det i dette tilfelle hadde vore meir effektivt om kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune hadde bede Revisjon Midt-Norge IKS om å legge fram forslag til prosjektplan som inneheld både føremål, problemstillingar osv., i tråd med «Standard for forvaltningsrevisjon - RSK 001». Denne finn du på denne lenkja [http://www.nkrf.no/rsk\\_001\\_standard\\_for\\_forvaltningsrevisjon](http://www.nkrf.no/rsk_001_standard_for_forvaltningsrevisjon). Forslag til prosjektplan kunne alle dei andre kontrollutvala ha som grunnlag for å gjera vedtak om ei eventuell deltaking i dette prosjektet. Ein slik prosjektplan kan delast i to deler:

- Forvaltningsrevisjon av VIGO IKS
  - Denne bør eit revisjonsselskap få ansvar for å gjennomføre, t.d. Revisjon Midt-Norge IKS
  - Den delen vil truleg koste like mange timar uansett kor mange av eigarane som vil delta
- Eigarskapskontroll i kvar enkelt eigarfylkeskommune
  - Denne kan eigarfylkeskommunen sin eigen revisor gjennomføre

Slik saka er framstilt no er det særst stor usikkerheit i høve kva som vil vera føremålet med revisjonen, kva problemstillingar som skal belyst, omfanget på revisjonen inkludert kor mange timar det vil gå med til dette prosjektet.»

**På bakgrunn av denne saksframstillinga vart det gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS.
2. Endeleg vedtak vert å komme tilbake til når det ligg føre forslag til prosjektplan som inneheld m.a. føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt.

Til møte i kontrollutvalet 05.02.2018 vart forslag til prosjektplan motteke frå Konsek Midt-Norge IKS.

**Av den føreslåtte prosjektplanen går det m.a. fram slikt føremål:**

«Formålet med prosjektet er todelt:

1. Vurdere hvordan eierfylkeskommunene/Oslo kommune følger opp sitt ansvar som eiere av selskapet.
2. Skaffe eiere innsikt i selskapets virksomhet og styring, herunder om VIGO IKS sine innkjøp, samhandling med leverandører, håndtering av personopplysninger og økonomistyring, er i samsvar med lov- og regelverk, vedtatte føringer og interne retningslinjer.»

**Vidare går det fram at revisjonsprosjektet har slike problemstillingar:**

1. *Har eier definert klare mål for selskapet?*
  - *Utøver eierfylkeskommunene/Oslo kommune sitt eierskap gjennom representantskapet?*
  - *Har fylkeskommunene/Oslo kommune etablert rutiner for oppfølging og evaluering av selskapet, og følges disse?*
  - *Er styrets virksomhet etablert i samsvar med gitt føringer og anbefalinger?*
2. *Er det etablert styringssystemer som sikrer at selskapets aktivitet er hensiktsmessig i forhold til de krav og forventinger som er stilt til selskapet, og hvordan er etterlevelsen av disse?*
  - a) *Måloppnåelse*
  - b) *Håndtering av risiko og bruk av ROS-analyser.*
  - c) *Økonomistyring.*
  - d) *Ressursstyring.*
3. *Følger Vigo IKS regelverket om offentlige anskaffelser?*
  - a) *I hvilken grad har Vigo IKS interne retningslinjer og interne rutiner for offentlige anskaffelser som er i samsvar med lov og forskriftskrav?*
  - b) *I hvilken grad er Vigo IKS sin praksis for offentlige anskaffelser i samsvar med lov og forskrift samt egne retningslinjer/rutiner?*
  - c) *I hvilken grad er innkjøpsfaglig kompetanse involvert på hensiktsmessig vis i forbindelse med anskaffelser?*
  - d) *I hvilken grad har man sikret at det utvikles funksjonelle og hensiktsmessige IKT-systemer for brukerne?*
  - e) *I hvilken grad er man sikker på at Vigo IKS etterlever regelverk og føringer som gjelder habilitet og etikk?*
4. *Har selskapet tilfredsstillende rutiner for håndtering av personopplysninger?*
  - a) *I hvilken grad har Vigo IKS interne retningslinjer og interne rutiner for håndtering av personopplysninger som er i samsvar med lov og forskriftskrav?*
  - b) *I hvilken grad er Vigo IKS sin praksis for håndtering av personopplysninger i samsvar med lov og forskrift samt egne retningslinjer/rutiner?»*

Føremål 1 og problemstilling 1 gjeld eigarskapskontrolldelen medan føremål 2 og problemstillingane 2 – 4 gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.

Av dei mottekne dokumenta går det m.a. fram at selskapskontrollen er tenkt gjennomført slik:

- Revisjon Midt-Norge IKS gjennomfører **forvaltningsrevisjonsdelen** i selskapet, hovudsakleg med egne ressursar innanfor ei totalramme på inntil 700 timar.
  - Telemark fylkeskommune (vertsfylkeskommune) er bede om å bidra med inntil 150 timar
  - Hordaland fylkeskommune er bede om å stille Deloitte til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timar.
  - Oslo kommunerevisjon skal innhente opplysningar om representantskap og styre, dette vil verte tilgjengeleg for alle deltakarane
- Kontrollutvala i alle fylkeskommunane er invitert til å gjennomføre **eigarskapskontrollen** sjølv, noko som er estimert til om lag 50 timar
- Det vert utarbeidd rapport i to sjølvstendige delar, ein for forvaltningsrevisjonsdelen og ein for eigarskapsdelen

**Problemstilling 1 – Eigarskapskontroll:**

Når det gjeld problemstilling 1, eigarskapskontrolldelen, meiner sekretariatet at det ikkje vil vera føremålstenleg at Hordaland fylkeskommune bruker ressursar på å gjennomføre eigarskapskontroll på eigardelen i VIGO IKS no. Etter vår oppfatning vil det gå med for store ressursar til eit slikt arbeid totalt sett dersom alle eigarane skal gjera dette arbeidet. Slik sekretariatet ser det bør det eventuelt vurderast å gjennomføre eigarskapskontroll i Hordaland fylkeskommune etter at ein ser kva som vert resultatet av forvaltningsrevisjonen i selskapet som no er i gang.

**Problemstilling 2 - 4 – Forvaltningsrevisjon:**

Som det går fram av vedtaket frå møte i kontrollutvalet 15.06.2017, når denne saka vart handsama sist, var utvalet i Hordaland fylkeskommune positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS. Sekretariatet tilrår på bakgrunn av det som går fram over at kontrollutvalet seier ja til å delta i den delen som gjeld forvaltningsrevisjon av selskapet og at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timar. Sekretariatet har munnleg fått stadfesta at Deloitte seier seg villig til dette.

**Kontrollutvalet handsama dette i sak PS 07/18 i møte 05.02.2018 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å gjennomføre eigarskapskontroll av VIGO IKS no.*
2. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i den pågåande forvaltningsrevisjonen av VIGO IKS. I dette ligg det også at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timar.*

Av prosjektplanen går det også fram at revisjonsrapport etter planen skal leverast i desember 2018.

**I samband med at Deloitte orienterte om status i arbeidet i møte 18.12.2018 vart det gjort slikt vedtak:**

1. *Deloitte vert beden om å få avklart til møte 11.02.2019 når revisjonsrapport for selskapskontroll av VIGO IKS vert å levere.*
2. *Informasjonen vert teken til orientering.*

Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet, spesielt for den delen som Deloitte skal bidra med. I dette ligg det også informasjon om når ein kan rekne med at revisjonsrapport vil vera klar for handsaming i kontrollutvalet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

1. Revisjonsrapport for selskapskontroll av VIGO IKS vert å levere sekretariatet innan.....
2. Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2016/11222-31

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	10/19	11.02.2019

## Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 129/16 Selskapskontroll av Bybanen AS – Forslag til prosjektplan i møte 17.11.16:**

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Bybanen AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal, inkludert opsjon på eventuell bruk av spørjeundersøking, som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.*
4. *Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.6.2017, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

### I saksframlegg til møte i kontrollutvalet 13.2.17 stod det m.a. dette:

«Sekretariatet er gjort kjend med gjennom media at Jernbanetilsynet nyleg har gjennomført eit tilsyn med Bybanen AS der det m.a. er påpeikt manglar i vedlikehaldet av bybanevognene. Vidare er vi kjend med at Bybanen AS, Keolis og fylkeskommunen skal ha eit møte med Jernbanetilsynet 31.1.17 for å diskutere dette. For kontrollutvalet kan det vera nyttig å få orientering om status i høve tilsynet, m.a. for å vurdere om kontrollutvalet bør gjera endringar i si bestilling til Deloitte. På bakgrunn av dette er det gjort avtale med fylkesrådmannen at han kjem i møtet for å gje ei slik orientering.»

**Kontrollutvalet hadde etter dette saka oppe til vurdering 27.03.2017 og 29.08.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.»

**I møte i kontrollutvalet 24.09.2018 vart saka lagt fram på nytt, der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Deloitte vert beden om å levere forslag til justert prosjektplan for selskapskontroll av Bybanen AS i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
2. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.10.2018.*
3. *Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*
4. *Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 19.11.2018.*

**Justert prosjektplan vart motteke innan fristen. Av den går det m.a. fram at revisjonsrapport vert å levere innan midten av april 2019. E-post frå sekretariatet til Deloitte 08.10.2018 inneheld slik godkjenning i tråd med punkt 3 i vedtaket over:**

«Prosjektplanen er sendt til leiar i kontrollutvalet. I samråd med han er prosjektplanen godkjend slik den ligg føre og arbeidet kan startas opp.»

**Av den justerte prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Bybanen AS. Selskapskontrollen vil også å undersøke om selskapet har etablert gode rutinar for informasjon om og oppfølging av hendingar som har konsekvensar for drifta. Vidare om det er etablert ei god samhandling mellom selskapet og samarbeidspartnarane.»

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande overordna problemstillingar:**

1. *Har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?*
  - a. *I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?*
  - b. *I kva grad har fylkeskommunen følgd opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?*
2. *Er det etablert system og rutinar som sikrar at det blir gitt naudsynt informasjon både internt, til samarbeidspartar og kundar ved eventuelle drifts- utfordringar?*
3. *I kva grad har Bybanen AS tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at ein tar lærdom av hendingar, evalueringar, gjennomførte tilsyn m.m.*
4. *I kva grad er det etablert tydeleg ansvar og rolledeling mellom Bybanen AS og andre aktuelle aktørar slik som Skyss, Bybanen Utbygging og operatørselskap når det gjeld etablering av ei trygg og føreseieleg drift av Bybanen?*



**I samband med at Deloitte orienterte om status i arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS i møte 19.11.2018 vart det gjort slikt vedtak:**

1. *Ny redigert prosjektplan, basert på at det er gjort nokre redigeringsmessige endringar, vert å sende sekretariatet innan 26.11.18.*
2. *Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering*

På bakgrunn av punkt 1 i vedtaket over har sekretariatet motteke vedlagte redigerte prosjektplan.

Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2018/14427-12

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	11/19	11.02.2019

## Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte

### Samandrag

#### Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 24.09.2018 i sak PS 94/18 gjorde kontrollutvalet vedtak om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging der det etter planen skal leverast revisjonsrapport innan 30.04.2019.

#### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Bybanen utbygging har etablert system og rutinar som sikrar at oppgåver og funksjonar som er lagt til BU blir utført på ein god måte.»

#### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll, under dette:
  - Kontrollmiljø
  - Risikovurderingar
  - Kontrollaktivitetar
  - Kommunikasjon og informasjon
  - Leiinga si oppfølging
2. Er det etablert tilstrekkeleg med overordna system og rutinar for prosjektstyring?
3. Er det etablert tilfredsstillande rutinar for innkjøp av tenester?
4. Er det etablert tilfredsstillande rutinar for kontraktsoppfølging?
  - Er det etablert system for registrering og oppfølging av kontraktar?
  - Blir det gjennomført kontrollar for å undersøke at kontraktar blir etterlevd?
5. I kva grad er det etablert rutinar for samhandling med sentrale aktørar knytt til utbygging av bybanen?

### **Det er definert slike avgrensingar**

*«Tema som internkontroll, prosjektstyring, innkjøp og kontraktsoppfølging vil bli vurdert på systemnivå. Vi vil ikkje gå inn i enkeltvise prosjekt for å vurdere om desse prosessane faktisk er gjennomført i samsvar med regelverk og rutinar.»*

#### Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

#### Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2017/17901-15

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	12/19	11.02.2019

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan transportberedskap på vegnettet

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
3. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
4. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet
5. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
6. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
7. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Drøfting:

Sekretariatet har motteke notat dagsett 25.01.2019 frå fylkesrådmannen med handlingsplan for denne forvaltningsrevisjonen. Av notatet går det m.a. fram at:

*«Samanslåinga med Sogn og Fjordane og overflytting av ansvar frå Statens vegvesen til fylkeskommunen gir eit auka ansvar innafor fagområdet beredskap for fylkeskommunen. Det er etablert eit eige delprosjekt som arbeidar med desse problemstillingane i samanslåinga.»*

Vidare har vi merka oss at det for om lag halvparten av punkta går fram at fylkesrådmannen meiner at oppfølginga best kan løysast gjennom det arbeidet som er knytt til nytt kriseplanverk for den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2019. For dei andre punkta går det fram av tilbakemeldinga at forbetningsarbeidet vil vera ferdig gjennomført i løpet av første halvår 2019.

Sekretariatet har forståing for at det kan vera føremålstenleg å handsame fleire av oppfølgingspunkta i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet bør likevel følge opp framdrifta i dette arbeidet ved å be om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Av tilbakemeldinga må det også gå fram korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nytt kriseplanverk i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet merka seg at det for om lag halvparten av punkta går fram at fylkesrådmannen meiner at oppfølginga best kan løysast gjennom det arbeidet som er knytt til nytt kriseplanverk for den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2019. For dei andre punkta går det fram av tilbakemeldinga at forbetningsarbeidet vil vera ferdig gjennomført i løpet av første halvår 2019.
2. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må også innehalde korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nytt kriseplanverk i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap på fylkesvegnettet

**Notat**

Dato: 25.01.2019  
Arkivsak: 2018/11673-5  
Saksbehandlar: ingedva

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap på fylkesvegnettet**

I sak 80/18, forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet – revisjonsrapport, gjorde fylkestinget 2.10.2018 dette vedtaket:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

I samsvar med punkt 10 i vedtaket legg fylkesrådmannen fram handlingsplan for tiltak som skal gjennomførast etter forvaltningsrevisjonen. Det har vore tett samarbeid mellom samferdselsavdelinga og organisasjonsavdelinga ved utarbeiding av handlingsplanen.

### **Fylkeskommunen sitt beredskapsarbeid**

Fylkesrådmannen vil først peike på ein del tilhøve som spelar inn på beredskapsarbeidet på vegnettet. Samanslåinga med Sogn og Fjordane og overflytting av ansvar frå Statens vegvesen til fylkeskommunen gir eit auka ansvar innafor fagområdet beredskap for fylkeskommunen. Det er etablert eit eige delprosjekt som arbeidar med desse problemstillingane i samanslåinga. Organisasjonsavdelinga er på si side i gang med eit arbeid for å etablere eit nytt kriseplanverk og bygge opp ein ny kriseorganisasjon for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen meiner at fleire av pålegga frå revisjonen best kan løysast gjennom å få på plass eit meir heilskapleg planverk og ein gjennomgåande kriseorganisasjon der ansvar, roller, fullmakter og rutinar er klårt gjort tydeleg. På den måten vert fylkeskommunen sitt beredskapsarbeid på vegområdet inkludert og handtert på same måte som fylkeskommunen sitt beredskapsansvar på andre område. Å ha samanhengande planverk frå overordna nivå og til detaljplanar og universelle rutinar og oppfølging elles vil styrke beredskapsarbeidet generelt i fylkeskommunen.

### **Beredskap på vegnettet**

I dagens situasjon, som gjeld inntil fylkeskommunen overtar alle oppgåvene på fylkesveg, er det Statens vegvesen som på vegne av fylkeskommunen handterer beredskapsarbeidet på vegnettet i fylket. Gjennom rammeavtale og leveranseavtale er vegvesenet gitt ansvar for å følgje opp hendingar på vegnettet med naudsynte tiltak som t.d. omkøyingsvegar og tilbakestilling til normalsituasjon.

### **Sivil transportberedskap**

Når det gjeld sivil transportberedskap er fylkeskommunen pålagt ein del oppgåver gjennom forskrift for sivil transportberedskap. Sånn som desse pålegga i forskrifta er tolka av fylkesrådmannen er dei løyste gjennom ein avgrensa ressursbruk gjennom m.a. utarbeiding av dokumentet Transportberedskap Hordaland. Her er hendingar som vil kunne krevje ein ekstraordinær ressursbruk skildra, og korleis desse kan handterast. Dokumentet slår fast at alle analyserte hendingar vil kunne handterast med den beredskapen og dei ressursane som er tilgjengelege i fylket under vanlege omstende. Ei vurdering av innhaldet i vedtaks punkt 1 frå Samferdselsdepartementet vil vere vesentleg med høve til i kva grad fylkeskommunen skal detaljplanlegge for ekstraordinære hendingar. Skal detaljnivået aukast i høve til det som er dagens tolking av kravet, vil det krevje at det settast av langt større ressursar til dette arbeidet.

### **Handlingsplan**

I det følgjande er pålegga etter revisjonen, fylkesrådmannen sine oppfølgingstiltak, kven som har ansvar for desse og tidsfristane for gjennomføring gjort greie for i prioritert rekkjefølge.

Vedtaks punkt:

Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.

Oppfølging:

Fylkesrådmannen vil utarbeide og sende over førespurnad til Samferdselsdepartementet der det vert bedt om ei utgreiing om kor vidt fylkeskommunen sitt ansvar strekkjer seg innafor sivil transportberedskap, inkludert kor detaljert planlegginga innafor feltet skal vere.

Ansvar:

Samferdselsavdelinga

Frist:

Gjennomført i løpet av første halvår 2019

**Vedtaks punkt:**

At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.

**Oppfølging:**

Fylkesrådmannen vil snarast sette i gang med arbeidet med å ferdigstille revisjonen av Transportberedskap Hordaland administrativt. Det vil sendast ei orienteringssak, så snart den er ferdigstilt, til MISA og Fylkesutvalet våren 2019. Fylkesrådmannen vil vidare følgje opp dokumentet fortløpande. Evaluering av dokumentet vil skje dersom det gjennom reelle hendingar vert avdekka svakheiter i analysen. På same måte vil ein måtte oppdatere analysen om det gjennom øvingar vert avdekka forbedringspunkt. Oppdatering vil verte gjennomført når det vert avdekke behov for det , og elles med det intervallet som analysen legg opp til.

**Ansvar:**

Samferdselsavdelinga

**Frist:**

Administrativt ferdigstilt i løpet av våren 2019

**Vedtaks punkt:**

Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.

**Oppfølging:**

Det vil utarbeidast skriftlege rutinar på området i samarbeid med bussoperatørane.

**Ansvar:**

Skyss

**Frist:**

I løpet av første halvår 2019

**Vedtaks punkt:**

Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.

**Oppfølging:**

Fylkesrådmannen meiner oppfølging av dette punktet må stillast stilt i bero i påvente av uttale frå Samferdselsdepartementet om kor langt fylkeskommunen sine oppgåver strekkjer seg innfor området. Å utarbeide ein oppdatert oversikt over beredskapsaktørar vert ein del av arbeidet med å slutføre Transportberedskap Hordaland.

**Ansvar:**

Samferdselsavdelinga

**Frist:**

Fylkesrådmannen avventar avklaringar frå Samferdselsdepartementet

**Vedtaks punkt:**

Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.

**Oppfølging:**

Fylkesrådmannen meiner dette best løysast gjennom at det forankrast og gjennomførast i arbeidet knytt til nytt kriseplanverk for fylkeskommunen

**Ansvar:**

Økonomi og organisasjonsavdelinga/Samferdselsavdelinga

**Frist:**

2019



## Vedtaks punkt:

Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.

## Oppfølging

Fylkesrådmannen meiner at dette best følgast opp gjennom forankring og klargjøring gjennom arbeidet med nytt kriseplanverk for fylkeskommunen.

## Ansvar:

Økonomi og organisasjonsavdelinga/Samferdselsavdelinga

## Frist:

2019

## Vedtaks punkt:

Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.

## Oppfølging:

Fylkesrådmannen meiner at også dette punktet bør forankrast og følgast opp som ein del av rutine knytt til nytt kriseplanverk for fylkeskommunen. Det vert òg sett som føremålstenleg å knytte oppfølginga av dette punktet opp mot det generelle samarbeidet innafor samfunnstryggleik og beredskap i regionen. Sist nettverksmøtet vart gjennomført møtte eit fåtal offentlege etatar og ingen private møtte opp. For å få meir fokus på området og naudsynt oppmøte på nettverksmøta, vil det måtte gjennomførast ein meir heilskapleg prosess enn berre å gjennomføre nettverksmøta. Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland og Samfunnssikkerhetens hus i Bergen vert sett som gode aktørar å knytte seg opp mot.

Samfunnssikkerhetens hus er eit regionalt samarbeid og kompetansesenter for kommunane i Hordaland innafor samfunnstryggleik og beredskap, på initiativ frå Bergen kommune.

## Ansvar:

Økonomi og organisasjonsavdelinga/Samferdselsavdelinga

## Frist:

2019

## Vedtaks punkt:

Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.

## Oppfølging:

Statens vegvesen gjennomfører rutinemessig evaluering etter større hendingar på vegnettet. Det vil vere naturleg om det vert gitt orienteringar til politisk nivå om desse hendingane og evalueringa av desse. Samstundes vil det vere føremålstenleg å ta inn eit tema i årsmeldinga for fylkesvegane om hendingar elles som har ført til utfordringar i samferdselssektoren. Det er heilt naturleg at hendingar av denne karakteren vert ein del av evaluering av gjeldande ROS-analyser.

## Ansvar:

Samferdselsavdelinga følgjer opp og tingar av Statens vegvesen.

## Frist:

Første halvår 2019

## Vedtaks punkt:

Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.

## Oppfølging:

Fylkesrådmannen meiner at også på dette punktet er det naturleg at forankring og rolleavklaring vert gjort i nytt kriseplanverk for fylkeskommunen. Det vil òg vere aktuelt å involvere aktørar som Fylkesmannen i Vestland og samfunnssikkerhetens hus. Fylkesmannen gjennomfører ei årleg samling for

beredskapsaktørar i fylket. Fylkesrådmannen vil ta initiativ til at transportberedskap vert satt på dagsorden i denne samlinga.

Ansvar:

Økonomi og organisasjonsavdelinga/Samferdselsavdelinga

Frist:

2019

Dette dokumentet utgjer fylkesrådmannen sin handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet.



Arkivnr: 2016/1940-61

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	13/19	11.02.2019

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2

Bakgrunn for saka:

**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 08/2018 i møte 06.03.2018:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
- 2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
- 3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
- 4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
- 5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:*
  - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert*
  - b) kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert*
  - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for*
  - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva*
  - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering*
  - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.*

6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over i møte 04.06.2018 og det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.

Drøfting:

Sekretariatet har motteke notat dagsett 16.01.2019 frå fylkesrådmannen med status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Vi har m.a. merka oss følgjande i notatet:

*«Etter at handlingsplanen vart laga har arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune kome skikkeleg i gang. Dette arbeidet syner at mange av oppfølgingspunkta i handlingsplanen vil vere naturleg å behandle i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har difor utsett arbeidet med handlingsplanen slik at det fell samtidig med arbeidet med nye rutinar for Vestland fylkeskommune.»*

Vidare har vi merka oss at det for dei fleste oppfølgingspunkta er sett frist for å vera ferdig med forbetningsarbeidet til siste kvartal 2019. Sekretariatet har forståing for at det kan vera føremålstenleg å handsame fleire av oppfølgingspunkta i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet bør likevel følge opp framdrifta i dette arbeidet ved å be om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Av tilbakemeldinga må det gå fram korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nye felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at det for dei fleste oppfølgingspunkta er sett frist for å vera ferdig med forbetningsarbeidet til siste kvartal 2019, som ein del av arbeidet med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune.
2. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må innehalde korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med nye felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Status- Oppfølging handlingsplan for forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2

**Notat**

Dato: 16.01.2019  
Arkivsak: 2016/1940-60  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Status- Oppfølging handlingsplan for forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2**

Fylkesrådmannen viser til sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2"» i fylkestinget 8. mars 2018, der fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

I mai 2018 laga fylkesrådmannen i tråd med vedtaket ein handlingsplan til kontrollutvalet. Handlingsplanen viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, kven som skal ha ansvaret for iverksettinga og frist for iverksetting. Det er etablert ei gruppe med representantar frå økonomi- og organisasjonsavdelinga og opplæringsavdelinga som skal sikre at tiltaka i handlingsplanen vert gjennomført.

Etter at handlingsplanen vart laga har arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune kome skikkeleg i gang. Dette arbeidet syner at mange av oppfølgingspunkta i handlingsplanen vil vere naturleg å behandle i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har difor utsett arbeidet med handlingsplanen slik at det fell samtidig med arbeidet med nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Kolonnen status i tabellen under syner status for prosessen og venta tidspunkt for ferdigstilling for oppfølgingspunkta.

**Handlingsplan:**

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvarleg	Frist	Status
1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningssdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd/forretningssdrift, og sikre at definisjonen blir gjort kjent på skulane	Sjå på moglege skilnader mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for fylket overordna, og sjå på moglegheita for å spesifisere skilnaden mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for opplæringsavdelinga.	Øk.org, Eigedom, Tannhelse, Opplæring	Q4 2018	I prosess meir omfattande enn venta, det er også naturleg å sjå på dette under delprosjekt 6.2 i arbeidet med nye økonomirutinar for Vestland fylkeskommune.  Ny frist: Q4 2019
2. Utarbeider ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventningar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.	Gjennomføre ei revidering av dagens retningsliner for oppdragsverksemd. Vurdere moglegheita for å tydelegere rektor sitt ansvar for forretningsdrift ved den enkelte skule. Må sikre at delpunkta i funn nr 5 vert inkludert.	Øko.org og Opplæring	Q1 2019	I prosess dette arbeidet er meir omfattande enn venta. Ferdigstilling av dette punktet avheng av pkt 1 over. Det er også naturleg å sjå på dette i samaband med etablering av rutiner for Vestland fylkeskommune i delprosjekt 6.2 og 1.4 økonomi  Ny frist: Q4 2019
3. Sikrar at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglementet og/eller andre relevante styringsdokument.	Gjennomgang og revidering av delegeringsreglementet i samband med fylkessamanslåinga.	Økonomi-avdelinga	Ref. frist på delprosjekt 6.2c) 31.12.2018	Detter arbeidet er i prosess. DP 6.2 har fått utsett frist for levering av delegeringsreglement for Vestland fylkeskommune.  Ny frist: Q4 2019
4. Etablerer, og held ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.	Gjere ei vurdering av å ha ei slik oversikt. Vurdere hensiktsmessigheit og korleis ei slik oversikt skal bli oppdatert.	Opplæring	Q4 2018	Når rekneskapan for 2018 er avslutta har vi ein oversikt over omfang og omsetnad i 2018. Ved bygging av kontorstreng i Vestland fylkeskommune vil det verte vurdert om det er mogleg ta omsyn slik at ein gjennom rekneskapan får betre oversikt over

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvarleg	Frist	Status
				forretningsverksemda.
<p>5. Utarbeider, og/eller revidere eksisterande retningslinjer og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Korleis forretningsdrift skal bli budsjettert</li> <li>b. Kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert</li> <li>c. Første fase av oppdragsfaktivering som skulen er ansvarleg for</li> <li>d. Riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva</li> <li>e. Eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryssubsidiering</li> <li>f. Rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn på skulane</li> </ul>	Oppfølginga vert gjennomført under punkt 2.	Øk.org og Opplæring	Q1 2019	<p>Arbeid med nye rutiner er i gang, men arbeid forsinka grunna pkt 1 og 2. Fylkesrådmannen meiner difor det er natuleg å ha nye rutinar på plass Vestland fylkeskommune starter opp.</p> <p>Ny frist: Q4 2019</p>
6. Gjennomgår praksisen knytt til forretningsdrift/ oppdragsverksemd ved skulane, og vurderer om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryssubsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.	Evaluere praksis etter at punkta over er gjennomført for å sjå om det er nødvendig med fleire tiltak.	Økonomi- og organisasjon og Opplæring.	Q2 2019	Starter som planlagd opp vår 2019.





Arkivnr: 2016/9440-24  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	14/19	11.02.2019

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 34/2017 i møte 13.06.2017:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:*

- 1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.*
- 2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slikt opplæring.*
- 3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.*
- 4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.*
- 5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.*
- 6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:*
  - a) grunngjeving av enkeltvedtak*
  - b) skildring av kva det er fatta vedtak om*
  - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka*
  - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring*
- 7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

8. *Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.*
9. *At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer*
10. *Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»*
11. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.*

**Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 11 i vedtaket over i møte 29.11.2017 der det m.a. vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .*
2. *På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Tilbakemeldinga må også innehalde når tiltaka er/skal verta iversett.*

**Kontrollutvalet handsama oppfølging i tråd med punkt 2 i vedtaket over i møte 27.08.2018 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på at det er gjennomført mykje forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar.*
2. *På bakgrunn av at det som går fram av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017, innan 31.12.2018.*

Drøfting:

Tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 19.12.2018 i tråd med punkt 2 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på at det er gjennomført noko meir forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar sidan forrige handsaming i kontrollutvalet. Det vert likevel registrert at det framleis er ein del arbeid som må gjennomførast før alt forbetningsarbeid er ferdig gjennomført. Ein del av dette arbeidet skal gjennomførast i samband med planlegging/oppstart av skuleåret 2019/2020. Vidare vert det registrert at nokre av forbetningspunkta skal inngå som ein del av arbeidet med nye felles rutinar i samband med fylkessamanslåinga. Det betyr at oppfølging for punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017 framleis ikkje er heilt ferdig gjennomført.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017, innan 12.08.2019. Av tilbakemeldinga må det gå fram korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med nye felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på at det er gjennomført noko meir forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar sidan førre handsaming i kontrollutvalet.
2. På bakgrunn av det som går fram av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 i vedtaket i fylkestinget 13.06.2017, innan 12.08.2019.
3. Av tilbakemeldinga må det gå fram korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med nye felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon oppfølging opplæringstilbod minoritetsspråklege elevar



## Notat

Dato: 19.12.2018  
Arkivsak: 2016/9440-23  
Saksbehandlar: linfar

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Forvaltningsrevisjon oppfølging opplæringstilbod minoritetsspråklege elevar**

## **Forvaltningsrevisjon om opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar**

Fylkesrådmannen viser til møte i FT 13.06.17 og vedtak i sak 34/2017

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikra at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld: a) grunngeving av enkeltvedtak, b) skildring av kva det er fatta vedtak om, c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring

7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring
8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.
11. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.

Handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjon om opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar vart handsama i Kontrollutvalet 29.11.2017 der utvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018
3. Kontrollutvalet ber om å få som referatsak i møte 18.12.2017 resultatet av handsaminga av sak om oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar i fylkesutvalet.

Fylkesdirektør opplæring har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal koordinere oppfølginga av handlingsplanen. Gruppa har i oppdrag å sikre ei god koordinert oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonen.

Petter de Presno Borthen , rådgjevar minoritetsspråklege  
 Akylina Samara, spesialrådgjevar skule (ny frå 1.1.19)  
 Linda Farestveit, seksjonsleiar skule  
 Hillevi E. Runshaug, regionleiar  
 Birthe A. Haugen, seksjonsleiar fellestenester  
 Annbjørg Laupsa, fungerande seksjonsleiar OT/PPT  
 Elin Wikan, spesialrådgjevar fellestenester (ny frå 1.1.19 for Nils Skavhellen)  
 Marit Virkesdal, rådgjevar økonomi  
 Kristine Angelsen, jurist

**Status 30.12.18 er markert med raud skrift**

## **Forvaltningsrevisjon om opplæringstilbud til minoritetsspråklege.**

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg/Status
<p>1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (3-årig-studiespesialisering og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikre at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.</p>	<p>Jamfør § 8-2 og rettleiinga til denne. Sjå merknad til pkt.1 under tabellen</p> <p>Fylkesdirektør opplæring har gått igjennom tilbudet til minoritetsspråklege elevar i tråd med tilrådingane i forvaltningsrapporten.</p> <p>Det er i den samanheng gjennomført møter med skulane som har hatt dei nemnde tilboda ved Bergen katedralskole, Fyllingsdalen videregående skole og Åsane videregående skole.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge fram sak for fylkesutvalet med forslag om at det 3-årige tilbudet for minoritetsspråklege elevar ved Bergen katedralskole vert fasa ut. Frå hausten 2018 må elevar søkje seg inn i ordinære klasser. Elevar som starta i det 3-årige løpet i 2016 og i 2017, vil kunne fullføre utdanninga i vg2 og vg3 ved Bergen katedralskole.</li> <li>• Med frist 1.juni 2018 skal fylkesdirektør opplæring vurdere grunnlag for å opprette eit nytt studieretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Elevar som søker inntak 1.februar 2019 kan då etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søker plass i</li> </ul>	<p>Fylkesdirektør opplæring, v/ regionleiarar og seksjonsleiarar</p> <p>Gjennomført</p> <p>Status 01.08.18: Det er oppretta eit nytt studieretta Vg1 tilbod for elevar med rett til særskild språkopplæring. Skuleåret 2018-19 er tilbudet lagt til Bergen Katedralskole og Fyllingsdalen vgs. Elevane er tekne inn etter kartlegging våren 2018 og enkeltvedtak om særskild språkopplæring i forkant av inntak. Etter fullført Vg1 skal elevane over i ordinære klasser på Vg2 ogVvg3 med tilpassa opplæring innanfor rammene i opplæringslova (280 timars regelen).</p>

		<p>ordinære klasser i vg2.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå hausten 2018 skal det ikkje takast inn nye elevar til Vg1 Helse og oppvekst ved Fyllingsdalen vidaregåande skole (2 klasser) og Åsane vidaregåande skole (1 klasse) for minoritetsspråklige elevar. Minoritetsspråklige elevar må søkje til ordinære klasser.</li> <li>• Med frist 1. juni 2018 skal det vurderast om fylket skal etablere eit yrkesretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskild språkopplæring. I eit nytt tilbod vil elevar som søker inntak 1.februar 2019 etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søker plass i ordinære</li> </ul>	<p>Gjennomført</p> <p>Status 01.08.18: Det er oppretta tilbod om Vg1 innanfor HO ved Åsane vgs og Fyllingsdalen vgs. Opplærings-avdelinga har planlagt og gjennomført kartlegginga og fatta enkeltvedtak om særskild språkopplæring.</p> <p>Gjennomført</p>
--	--	---	---



		<p>klasser i vg2.Tilbudet kan prøvast ut i fleire yrkesretta tilbud.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skuleåret 2018/19 vil elevar i innføringstilbod få elevstatus og elevane nyttar av retten til opplæring (sjå pkt.8)</li> <li>• Dei vedtekne endringane skal inn i Inntaksforskrifta for skuleåret 2018/19.</li> <li>• Med frist 1. juni skal skuleeigar kartleggje alle søkjarar til innføringsklassane og skrive enkeltvedtak etter § 3-12 før inntaket vert fastsett.</li> </ul>	<p>Status 01.08.18: Vurdering gjennomført – ikkje behov for å omtale dette særskilt i lokal inntaksforskrift. Årsaka er at rettighetene til dei minoritetsspåklege er grundig omtala i oppl. lova med forskrifter.</p> <p>Status 01.08.18: Det har ikkje vore praktisk mogleg å gjennomføre kartlegging for denne gruppa før skulestart. Opplæringsavdelinga vil ta ansvar for at alle elevane blir kartlagt ved skulestart og at det blir fatta enkeltvedtak på bakgrunn av kartlegginga. Viss det er teke inn elevar som ikkje har behov for særskild språkopplæring vil desse elevane få tilbud om ordinær vidaregåande opplæring.</p> <p>Status 30.12.18: Fylkesdirektør opplæring vil prøve å auke talet på kartleggingar i forkant av inntaket 2019, men det er framleis usikkert om det vil vere praktisk mogleg å gjennomføre. Eit viktig tiltak vil vere å undersøke om det er mogleg å samarbeide med kommunane om ei slik gjennomføring.</p>
--	--	--	---

<p>2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.</p>	<p>I Kvalitetsportalen finn skulane prosedyre for arbeidet med særskild språkopplæring samt alle dokument som skal nyttast. Sjå merknad til pkt.10 under.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon om § 3-12 skal årleg inngå i program for skuleleiingane på ulike samlingar som til dømes årleg kurs i juss for skulane og ressursteam-samling.</li> <li>• Gjennomføre tilsyn i 3 skular i tråd med prosedyren</li> <li>• I samband med tilsyn om § 3-12 ved 3 skular (jf. tiltak i pkt.2), skal skuleeigar sjå enkeltvedtaka skulen har fatta.</li> </ul>	<p>Status 01.08.18: Skuleåret 2018-19 vil fylkesdirektør opplæring sende melding før skulestart til alle rektorane med ei samla oversikt over tilgjengelege retningslinjer og ressursar i kvalitetsportalen og understreke korleis det er forventa at skulane følgjer opp krav til kartlegging, enkeltvedtak og tilrettelegging av læringsfremjande tilbod om særskilt språkopplæring. Dette for å sikre at reglar og retningslinjer blir følgt opp frå skulestart.</p> <p>Status 30.12.18: Tiltaket over skal inn som ein årleg rutine i samband med skulestart. Ansvar: seksjon skule v/ 1.februar inntak.</p> <p>Status 11.06.18: Ikkje gjennomført. På grunnlag av stikkprøvekontroll i oktober vil fylkesdirektør opplæring avgjere om det er behov for å gjennomføre tilsyn</p> <p>Status pr.30.12.18: Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll eller tilsyn hausten 2018. I samband med fylkessamanslåinga inngår spørsmål om felles rutinar for tilsyn som del av drøftingar kring framtidig system for kvalitetssikring i det nye fylket. Dei administrative ressursane er prioritert inn mot samanslåingsprosjektet.</p>
--	---	--	---

<p>3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.</p>	<p>Sidan § 3-12 om særskild språkopplæring vart innført i 2008, har fylka etterlyst eigna kartleggingsverktøy som grunnlag for å fatte enkeltvedtak. Våren 2017 vart det difor starta eit arbeid i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet/Kompetanse Norge og 3 skular, for å få oversikt over ulike kartleggingsverktøy og praksis på skulane, og utvikle nye verktøy i samarbeid med pedagogisk tilesette og UH sektoren. Sjå vedlegg 1 for nærmare beskriving av arbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut nytt kartleggingsverktøy ved 3 skular gjennom skuleåret 2017/18. Verktøyet skal vere klar til bruk ved alle skular til skulestart 2018.</li> <li>• Lærarane skal få opplæring i bruk av verktøyet.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule</p> <p>Status 11.06.18: Gjennomført</p> <p>Planlagt gjennomført 2018-19. Frikjøp av lærarar til å drive opplæring og rettleiing. Sjå utdjupande merknad under.</p> <p>Status 30.12.18: Fylkesdirektøren etablerte hausten 2017 eit team som skal bidra til å hjelpe skulane i gang med verktøyet. Ein del skular som har prøvd det ut rapporterer at det er tid- og ressurskrevjande på skular der det er mange elevar i målgruppa. Introduksjon av verktøyet til alle skular er noko forseinka, men vil halde fram våren 2019.</p>

<p>4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.</p>	<p>Våren 2017 vart det utarbeidd eit nytt skjema som skulane skal nytte for å sikre at skulane vurderer om elevane også har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt skjema for enkeltvedtak blei tatt i bruk for skuleåret 2017/18</li> <li>• Innan 1.februar 2018 skal skuleeigar starte eit utviklingsprosjekt og søkje samarbeidspartnarar for å etablere digitale løysingar for tospråkleg støtte for elevar med denne retten etter § 3-12.</li> </ul>	<p>Leiar seksjon skule/regionleiarane</p> <p>Status 01.08.18: Gjennomført</p> <p>Status 30.12.18: Ikkje gjennomført. Sjå utdjupande merknad under.</p>
<p>5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.</p>	<p>Sjå merknad til pkt.4. under med kopi av nytt skjema for enkeltvedtak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om individuell kartlegging skal leggjast til grunn for alle enkeltvedtak</li> <li>• Styrke kvaliteten på kartleggingsverktøy</li> </ul>	<p>Leiar seksjon skule/regionleiarane</p> <p>Status 01.08.18: Oppfølginga må sjåast i samheng med fleire andre punkt mellom anna punkt 2. «Skuleåret 2018-19 vil fylkesdirektør opplæring sende melding før skulestart til alle rektorane med ei samla oversikt over tilgjengelege retningslinjer og ressursar i kvalitetsportalen og understreke korleis det er forventa at skulane følgjer opp krav til kartlegging, enkeltvedtak og tilrettelegging av læringsfremjande tilbod om særskild språkopplæring. Dette for å sikre at reglar og retningslinjer blir følgt opp frå skulestart.»</p>

<p>6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>grunngeving av enkeltvedtak</li> <li>skildring av kva det er fatta vedtak om</li> <li>informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka</li> <li>enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring</li> </ol>	<p>Det er gjort ein omfattande jobb med å revidere/fornye retningslinjer og malar i tråd med krav i lovverket.</p> <p>Nye retningslinjer og malar er gjort kjent for skuleleiarar. Hovudoppgåva vidare er å sikre forankring og kompetanse i heile organisasjonen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre at malar, skriv og prosedyrar oppfyller krav i opplæringslova og sikre at dei er kjent gjennom informasjon til skuleleiingane.</li> <li>Sjå til at enkeltvedtak blir fatta så raskt som mogleg. Frist for rapportering av enkeltvedtak og elevlistar til administrasjon skal frå hausten 2018 vere 1.10. for hausterminen og 1.2. for vårterminen.</li> <li>Fylkesrådmannen skal legge til rette for tilbod om årlege kurs om regelverksoppfølging på feltet i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland.</li> </ul>	<p>Leiar seksjon skule/regionleiarane</p> <p>Status 01.08.2018: Gjennomført</p> <p>Oppfølging av heile punkt 6 skal sjåast i samheng med punkt 2 og 5. Fylkesdirektør opplæring vil sende ei samla påminning til skulane i august som ei påminning til skuleleiarane om dei krava som er lagt til skulen og kor dei kan finne ressursane. I tillegg vil skulane få tilbod om å ta i bruk nytt kartleggings-materiell som er utvikla som ledd i oppfølginga av revisjonen.</p> <p>Status 01.08.18: Representantar frå alle skulane har vore inviterte til to regelverksamlingar i regi av fylkesmannen. Tre skular har fått særleg god skulering gjennom deltaking i prosjektet Kompetanse for Mangfold. Fylkesdirektør opplæring vil samarbeide med fylkesmannen om kurstilbod i 2018-19.</p>
<p>7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.</p>	<p>Fylkeskommunen har i fleire år arrangert samlingar for både norsklærarar og for lærarar i innføringsklassane der særskild</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre ei samling med representantar frå alle skulane i</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule og seksjonsleiar fellestenester</p> <p>Status 01.08.18: Ikkje gjennomført</p> <p>Det er ikkje kapasitet til å</p>

	<p>språkopplæring og har vore tema.</p> <p>Frå 2016 har ein rådgjevar frå seksjon skule, saman med inntaksleiar, vitja alle skular med innføringstilbod (9 i 2016, 11 i 2017). Dei har møte med rektor, avdelingsleiar og lærarane i innføringsklassane der vi mellom anna diskuterer utfordringar i samband med tilbod om særskild språkopplæring. På agendaen står innsamling av innspel til tema skulane vil drøfte på samlingane for skulane i fylket, og tips om kven skulane kan kontakte for å få hjelp i sakar frå skular med lengre erfaring på feltet.</p> <p>Fyllingsdalen vgs er frå skuleåret 17/18 Fokusskule for NAFO. Dei har brei erfaring i opplæring av elevar med kort butid og skal kommande skuleår bidra med erfaringsdeling til andre skular i fylket og delta på nasjonale samlingar for kompetanseheving.</p> <p>3 skular skal delta i det nasjonale prosjektet «Kompetanse for mangfald» under leiing av Høgskulen på Vestlandet.</p>	<p>Hordaland våren 2018 om tema særskild språkopplæring.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nytt kurs med 30 plassar i samarbeid med UiB i norsk som andrespråk startar med 4 heile dagar den 26. oktober 2017. Norsk lærarane er sentrale i kartlegging og tilrettelegging av særskild språkopplæring.</li> </ul>	<p>gjennomføre ei stor samling i 2018, men fylkesdirektør opplæring vil samarbeide med fylkesmannen om eit kurstilbod for tilsette og skuleleiarar.</p> <p><b>Status 30.12.18:</b> Ikkje gjennomført Tiltaket er utsett av kapasitetsårsaker, og det skal etter planen gjennomførast eit halvdagskurs i september 2019.</p> <p>Status: 01.08.18: Gjennomført 2017-18 Nytt kurs planlagt 2018-19 Del av langsiktig satsing og kurset går no på tredje året. Skuleleiarane blir oppmoda til å sikre at dei har lærarar med slik kompetanse.</p> <p><b>Status 30.12.18:</b> Kurstilbodet er sett i verk, men fylkesdirektøren ser at det er behov for å styrke innsatsen for å auke interessa for kompetanseutviklingstiltak et. Trass i gode tilbakemeldingar frå deltakarane har det vore redusert deltaking denne gongen..</p>
--	--	--	--

<p>8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurdere fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.</p>	<p>Innføringsklassane i Hordaland har vore eit tilbod der elevane ikkje nyttar av retten til opplæring heilt sidan den fyrste klassen vart oppretta rundt 1980. Dette vart gjort som motivasjon til å takke ja til eit frivillig tilbod. Tidlegare hadde alle elevar rett til 3 år skulegang, men for nokre år sidan vart dette endra for elevar med kort butid.</p> <p>Dei kan no søkje om utvida rett opp til 5 år, jf. opplæringslova § 3-1 (5).</p> <p>Elevar i Kombinasjonsklasse nyttar ikkje av retten sin. Dette er i tråd med intensjonane i lova.</p> <p>Når elevar i innføringsklassane i framtida nyttar av retten sin, vil det kunne føre til at fleire elevar vil bli tilvist til PPT for sakkyndige vurderingar og kartleggingar. Det kan gi behov for å auka personalressursar ved PPT.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skuleåret 2018/2019 skal elevane nytte av retten sin når dei går i innføringsklasse . Elevane vil dermed ha same rettar etter opplæringslova som elevar i ordinære klasser mellom anna til spesialundervisning og rett til gratis læremidlar.</li> <li>• Vurdere konsekvensar av ein slik endring med tanke på behov for auka ressursar til PPT for å sikre tilfredsstillande kapasitet i arbeid med sakkyndige vurderingar</li> <li>• Evaluere ordninga med kombinasjonsklasser.</li> <li>• Legge fram politisk sak med forslag til heilskapleg strategi for arbeidet med å auke</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar fellestenester</p> <p>Status 01.08.18: Gjennomført</p> <p>Seksjonsleiar OT/PPT</p> <p>Status 30.12.18 Ikkje gjennomført Innføringstilbodet omfattar elevar med rett til vidaregåande opplæring. Eventuelle konsekvensar skal vurderast hausten 2019 i lys av ny organisering av Vestland.</p> <p>Status 01.08.18: Gjennomført Ordninga med kombinasjonsklasser vart evaluert i juni 2018 av ei gruppe frå psykologisk fakultet ved UIB</p> <p>Status 30.12.18 Dette er utsett på ubestemt tid. Det er eit sentralt tema i samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane, og det er venta at DPO 1.2 vil kome med ei felles tilråding om oppfølging på</p>

		<p>gjennomføring og læringsutbytte for minoritetsspråklige med kort butid.</p> <p>FRIST: Desember 2018</p>	feltet.
<p>9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer.</p>	<p>Fylkesrådmannen meiner elevane er godt informert om denne retten og at dette er ivaretatt i Hordaland. Elevane <u>søker</u> seg inn på innføringskurs. Inntakskatalogen orienterer om tilbodet og at elevane sjølv vel om dei vil ta det ekstra året for å styrkje sine norskkunnskapar i alle fellesfaga. Den aktuelle informasjonen er berre omsett til engelsk, men med tilvising til vilbli.no som har omsett informasjon på 21 språk.</p> <p>På dei årlege informasjonsmøta for søkjarar og føresette vert alle informerte om tilbodet – og at det er eleven sjølv som vel dette i staden for Vg1. Inntakskontoret</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde fram med tett dialog med rådgjevarar i kommunane i samband med inntak og i arbeidet med Utdanningsval.</li> <li>• Halde fram med informasjonsmøta med tolkar for elevar i grunnskulen og deira føresette før inntak.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule</p> <p>Status 01.08.18: Planlagde tiltak slik dei er omtalt vil halde fram i 2018-19</p>



	<p>gjennomfører regionvise møte med alle rådgjevarar i ungdomstrinnet der dette er eit sentralt tema.</p> <p>Informasjon om innføringskurs er og gitt i info-skriv omsett til 13 språk og sendt til alle skular.</p>		
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide rutinar for å syte for at elevane er klar over retten til å velje målform.</li> </ul> <p>FRIST: november 2017</p>	<p>Seksjonsleiar skule</p> <p>Gjennomført</p>
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.			<p>Seksjonsleiar skule</p> <p>Status 01.08.18: Gjennomført</p>

### Merknad til pkt.1.

Opplæringslova § 8-2. Organisering av elevane i grupper

*Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.*

I rettleiinga pkt.2.1.5.for § 8-2 står følgjande:

*«Første leddet i § 8-2 avsluttes med formuleringen: Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Denne bestemmelsen er prinsipielt den samme som i den tidligere lovteksten. Det betyr at faglig nivå, kjønn eller etnisk tilhørighet til vanlig ikke skal være et kriterium for gruppedeling. I kortere tidsperioder kan likevel andre enn det nevnte prinsippet legges til grunn for gruppeinndelingen, ut fra prinsippet om tilpasset opplæring.»*

### **Merknad til pkt.10.**

Skuleeigar sitt system for oppfølging av elevar med rett til særskild språkopplæring inkluderer følgjande:

1. Skuleeigar skal hente inn elevlister frå skulane to gonger årleg (1.11. og 1.5.).
2. Rektor frå eit utval skular skal sende inn eigenvurdering saman med enkeltvedtak. Det er skuleeigar som skal lage mal for eigenvurderinga. Utdrag frå eigenevaluering for oppfyljing av lovkrav (kvalitetsportalen) kan inngå i eigenvurderinga.
3. Skuleeigar skal gje skriftleg melding om tilsyn til den enkelte skule v/rektor, på bakgrunn av innsend dokumentasjon.
4. Skuleeigar skal lage plan for gjennomføring av tilsynsbesøk i dialog med skulen ved rektor.
5. Skuleeigar skal vurdere skulen sitt arbeid og setje i verk tiltak.
6. Skuleeigar skal godkjenne skulen sin plan for korrigering av avvik og vurdere oppfølgingsmøte ved behov.

Henta frå skrivet *«Prosedyre for oppfølging av skulane sin forvaltningskompetanse - elevar med rett til særskild språkopplæring» som ligg i Kvalitetsportalen.*

### **Merknad til punkt 3 og 7 pr.01.08.18**

#### Punkt 3

Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd

#### Punkt 7

Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring

Opplæringsavdelinga starta våren 2017 eit arbeid for å sjå nærare på gjeldande verktøy og praksis i samarbeid med nokre utvalde skular. Av dette kjem det fram at digitale verktøy som er utvikla for formålet er mangelfulle. Det same gjeld kartleggingsprøvar som skulane har utvikla på eigenhand. Det kjem også fram at skulane i avgrensa grad klarar å gjere seg nytte av resultatane frå kartleggingsarbeidet i vidare arbeid med tilpassa opplæring for elevgruppa. I tillegg til kartleggingsverktøy manglar skulane kompetanse om språkkartlegging og ein formålstenleg modell for å organisere kartlegging og oppfølging av dei minoritetsspråklege elevane.

Skuleåret 2017-18 har fylkesdirektør opplæring etablert eit prosjekt for å jobbe vidare med utfordringane saman med skulane. Eksterne fagpersonar med testfagleg kompetanse er invitert med i arbeidet. Etter modell frå Kompetanse Norge er det no bygd opp eit vurderingsverktøy for kartlegging av skriftlege og munnlege ferdigheiter som alle skulane kan nytte seg av og samarbeide om. Verktøyet er utforma som ein felles nettbasert ressurs med nivå- og alderstilpassa prøvar, inkludert eksempelsvar og vurderingskriterier. Verktøyet legg opp til at skulane tek del i å lage nye oppgåver og ressursar, og at lærarar gjennom dette aukar sin vurderingskompetanse til bruk også i eiga undervisning og oppfølging av elevane.

19 lærarar og 3 avdelingsleiarar har vore involvert i arbeidet dette skuleåret. I tillegg til å vere ein ressurs på eigen skule utgjer desse no eit lite fagfellesskap. For skuleåret 2018-2019 har opplæringsavdelinga som mål å kjøpe fri lærarressursar frå prosjektet til å drive opplæring og vidareutvikling av verktøyet i samarbeid med nye skular og lærarar. På denne måten vil vi sikre at alle skulane får tilgang til verktøyet og får opplæring i bruk av verktøyet. Dette vil og bidra til vidare kunnskapsutvikling på feltet.

Kartleggingsverktøyet blir nytta i samband med inntak til eigne klasser for minoritetsspråklege elevar våren 2018. Søkarar til Vg1 Helse- og oppvekstfag og Studiespesialiserande blir kartlagt i april, medan søkarar til innføringsklassane blir kartlagt ved skulestart. I følge Kompetanse Norge sine målingar samsvarar resultatet på skriftleg prøve med resultatata på dei andre ferdigheitsområda (lytt, les og munnleg) i 95% av tilfella. På bakgrunn av dette er det vurdert at å gjennomføre skriftleg del av kartlegginga er tilstrekkeleg i samband med inntaket i denne omgang.

Forvaltningsrevisjonen påpeikar at det manglar forvaltningskompetanse og felles rutinar knytt til oppfølging av § 3-12. I det vidare arbeidet med kartleggingsverktøyet vil opplæringsavdelinga derfor legge til rette for at lærarar og administrativt tilsette på tvers av skulane kan møtast for å diskutere aktuelle problemstillingar, dele erfaringar og diskutere seg fram til arbeidsmåtar og rutinar i samarbeid med opplæringsavdelinga.

## **Merknad til tiltak 8, evaluering av prosjekt med Kombinasjonsklasse ved Fyllingsdalen vgs**

Forsøk med Kombinasjonsklasse vart evaluert våren 2018 av Universitetet i Bergen v/psykologisk fakultet som del av studentarbeid. Evalueringsrapporten var utarbeidd på grunnlag av intervju, spørjeundersøking og observasjon og rapporten vart publisert i juni 2018. Rapporten konkluderte med følgjande:

- Kombinasjonsklassen har høgt motiverte lærarar som i stor grad støttar elevane både fagleg og sosialt
- Kombinasjonsklassen har eit stort potensial for å lykkast, men det vil krevje nokre grunnleggjande strukturelle endringar i opplegget.
- Både lærarar og elevar stiller seg kritiske til at elevar med svært ulik akademisk og kulturell bakgrunn er plassert i same klasse og forventa å nå dei same måla. Dette stiller både lærarar og elevar på prøve.
- Ikkje alle elevar har utbytte av tospråkleg fagopplæring og det er grunn til å sjå nærmare på korleis ein skal identifisere elevar som har behov for slik opplæring.

Forskarane kjem med følgjande tilrådingar:

- Lærarane må involverast i vidareutviklinga av tilbodet om kombinasjonsklasse
- Nivådifferensiering bør vere styrande prinsipp for gruppeinndeling
- Kartlegginga kan skje på grunnlag av opptaksprøver
- Det er viktig å sikre eit godt koordinert støtteapparat kring elevane som kan avlaste lærarane i det sosialpedagogiske arbeidet

Konklusjonane frå studentarbeidet vil bli drøfta i styringsgruppa for samarbeidsprosjektet i samband med intern evaluering. Prøveprosjekt med kombinasjonsklasse vart formelt avslutta i juni 2018 og det vert ikkje teke opp elevar i dette tilbodet i skuleåret 2018-2019. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vil halde fram det gode samarbeidet og på grunnlag av prosjektsamarbeidet og vurdere om det skal startast opp nye samarbeidsprosjekt på eit seinare tidspunkt.

### **30.12.18**

#### **Merknad til tiltak 4 Sikre at det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd**

Fylkesdirektør opplæring har sikra at dei formelle sidene kring malar for enkeltvedtak er i tråd med lova, men det er framleis behov for å sjå korleis fylkeskommunen kan styrke tilbodet med to-språkleg fagopplæring. Det er krevjande å finne modellar for eit slikt tilbod som er organisatorisk, kvalitativt og økonomisk forsvarlege. Det er få erfaringar å hente frå andre fylke, men problemstillinga kjem ofte opp i møte mellom fylka og temaet blir drøfta både nasjonalt og lokalt. Det vil difor bli sett av midlar i budsjettet for 2019 til formålet.

Eit godt nettbasert undervisningstilbod bør vere forankra i solide fagmiljø. Bergen kommune har lang erfaring og det er difor ønskjeleg å sjå nærmare på korleis HFK og BK kan styrke samarbeidet kring utvikling av to-språkleg fagopplæring. Gjennom prosjektet med kombinasjonsklasse ved Fyllingsdalen vgs. vart det hausta fleire viktige erfaringar som det må byggjast vidare på. Fylkesdirektør opplæring har som mål å etablere eit tilsvarande tilbod om kombinasjonsklasse frå hausten 2019 slik at det gode samarbeidet og utviklinga knytt til det to-språklege fagopplæringstilbodet blir vidareført.

HFK er i dialog med Bergen kommune med mål om å samarbeide om etableringa av ein til to kombinasjonsklasser med utgangspunkt i den modellen og dei erfaringane ein hausta i perioden 2016-18. Eventuelle nye klasser bør leggjast til skular med eit breitt tilbod av utdanningsprogram slik at elevane kan få høve til å delta i utprøving i fleire fag. I lys av samanslåingsprosessen vil utvikling av nettbaserte løysingar sannsynlegvis bli utsett til 2020.



Arkivnr: 2017/13386-27

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	15/19	11.02.2019

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan Arkivering og offentlegheit

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 034 2018 i møte 13.06.2018:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
  - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
  - b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinjene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring

11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

**I møte i kontrollutvalet 19.11.18 vart handlingsplan i tråd med punkt 12 over handsama og det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 21.01.2019.

Drøfting:

Tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 16.01.2019 i tråd med punkt 2 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet registrerer at fylkesrådmannen har gjennomført og starta opp mykje godt forbetningsarbeid etter at handlingsplanen vart handsama i kontrollutvalet i november 2018. Det går likevel fram at det er ein del arbeid som ikkje er ferdig gjennomført enno. Det meste av dette skal vera ferdig gjennomført i første halvår 2019. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny skriftleg status på arbeidet i form av skriftlig tilbakemelding innan 19.08.2019.

Det går også fram av tilbakemeldinga at fylkesrådmannen har rapportert til Arkivverket 01.12.2018 på oppfølging av tilsynet som dei har gjennomført. Slik sekretariatet ser det bør kontrollutvalet be om kopi av korrespondansen som har vore/vil vera i perioden frå svaret til Arkivverket vart gjeve og fram til kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 19.08.2019 på forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit. Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet bør be om å få kopi av korrespondansen som har vore/vil vera i perioden frå svaret til Arkivverket 01.12.18 og fram til ny tilbakemelding vert send utvalet.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på at det er gjennomført og starta opp mykje godt forbetningsarbeid etter at handlingsplanen vart handsama i kontrollutvalet i november 2018 på forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit.
2. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 19.08.2019.
3. Kontrollutvalet ber i tillegg om å få kopi av korrespondansen som har vore/vil vera i perioden frå svaret til Arkivverket 01.12.18 og fram til ny tilbakemelding vert send utvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Status handlingsplan arkiv og offentlegheit

**Notat**Dato: 16.01.2019  
Arkivsak: 2017/13386-28  
Saksbehandlar: elibjor

---

**Til:** Sekretariatet for Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Status handlingsplan arkiv og offentlegheit**

Fylkesrådmannen viser til handlingsplan for forvaltningsrevisjonen innan temaet Arkiv og Offentlegheit som vart handsama i Kontrollutvalet 19. november 2018, sak PS 105/2018. Kontrollutvalet gjorde i saka vedtak om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 21.01.2019. Kontrollutvalet har sett samanhangen mellom forvaltningsrevisjonen sine kommentarar og Arkivverket sine pålegg slik dei vart presentert i handlingsplanen, og at ein må arbeide langsiktig og med fleire punkt samtidig for å få Arkivplanen oppdatert før sommaren.

Under følger status på arbeidet med utgangspunkt i handlingsplanen. Kolonne til høgre i tabellane viser situasjonen pr. 21. januar 2019. Utfyllande opplysningar knytt til framdrift og måloppnåing finn ein i siste del av notatet.

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. 01.2019
a. Interne arbeidsmøte om arkivplanen kvar veke som arbeider aktivt med pålegg etter Arkivverket sitt tilsyn og forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i ein masterplan	august 2018 - 1. juni 2019	Konst. fylkesarkivar	Vi har interne arbeidsmøte kvar veke om oppfølging av arkivplanen og revisjon. Innan 1. februar skal vi svare ut pålegg 2 i tilsynet: Utarbeide retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument.
b. Ferdigstilling og godkjenning av arkivplanen	Innan 1. juni 2019	Konst. fylkesarkivar	Under arbeid



2. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. 01.2019
a. Rutinar og retningslinjer i sakshandsamingshandbok er i Kvalitetsportalen saman med Arkivplanen	Sakshandsamingshandbok er lagt inn i Kvalitetsportalen april 2018	Kristine Langøy	Gjennomført
b. Revidering av retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering	Under arbeid fram til 1. juni 2019	Arkivplangruppa	Under arbeid. Handbok for arkivarar er utarbeidd.

3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
a. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument	Revidering av Arkivplanen pr. mai 2018	Arkivplangruppa	Gjennomført
b. Informasjon om organinterne dokument på oppfriskingskurs i ePhorte	Gjennomført vår og haust 2018, sjå punkt 11.		Gjennomført i oppfriskingskurs i ePhorte, sjå punkt 11

4. Sikre at all inngående og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at: a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
a. Få ned talet på dokument i status R	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lage søk for leiarar i ePhorte for kvar avdeling/seksjon</li> <li>2. Sende ut informasjon til avdelingsdirektørar med frist 2. november for korleis redusere talet på dokument status R</li> <li>3. Dokumentsenteret tar oppfølging 5. november 2018 basert på resultat</li> <li>4. Frist for gjennomføring a og b: 1. desember 2018</li> </ol>	<p>Leiar Dokumentsenteret har ansvar for å lage søk for leiarar i ePhorte. Fylkesarkivar sender ut informasjon til avdelingsdirektørar for korleis ein skal gå fram og med fristar. Avdelingsdirektørar har ansvar for å følge opp si avdeling.</p>	<p>Gjennomført. Talet på dokument i status R er redusert frå over 4000 til i underkant av 900 pr. 1.12. 2018. Brev om dette vart sendt til Arkivverket 1. desember 2018.</p>
b. Utarbeide rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.			<p>Gjennomført og sendt til Arkivverket 1. 12.2018.</p>
c. Gjennomføring/fullføring av utrulling av ePhorte til dei vidaregåande skulane og tannhelse	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Statusmøte med avdelingsdirektørane for opplæring og tannhelse 12. april 2018</li> <li>2. Informasjonsmøte for tannhelse 30. mai 2018</li> <li>3. Kurs for tannhelse veke 38</li> <li>4. Kurs for vidaregåande skular haust 2018</li> <li>5. Utrulling av ePhorte til dei vidaregåande skulane skal vere ferdig innan utgongen av april 2019.</li> </ol>	<p>Fylkesarkivet v/Dokumentsenteret, Katarzyna Holmegård</p>	<p>Punkt 1-4 gjennomført.  Plan for kurs våren 2019 til skular/tannhelse er laget med påmelding via intranett, sjå punkt 11.</p>
d. Oppfriskingskurs i ePhorte			<p>Oppfriskingskurs i ePhorte er gjennomført, sjå pkt. 11</p>

## 5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
1. Gå igjennom eksisterande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista	Oppdatere rutinar og retningslinjer	Arkivplangruppa	Gjennomført
2. Basert på gjennomgangen lage meir utfyllande retningslinjer og rutinar	Oppdatert Arkivplan 1. juni 2019		Gjennomført
3. Informere dei tilsette om kor ein finn slik informasjon og kva ein må huske på gjennom	Oppfriskingskurs i ePhorte, sjå punkt 11		Oppfriskingskurs vår 2019 og Arkivplanmøtet 12.juni 2019 i Vestland (påmelding via intranett)

## 6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
1. Gå igjennom eksisterande rutinar og retningslinjer for meirinnsyn	Ferdigstilling innan 1. juni 2019	Arkivplangruppa	Gjennomført
2. Endre/utfylle/presisere i dei tilfelle der det er naudsynt			Gjennomført
3. Halvdagskurs i meiroffentlegheit for leiarar i fylkesadministrasjonen	Bestille Deloitte eller andre for gjennomføring vår 2019		Her har vi gjort ei endring: vi vil rulle ut e-læringskurs i regi av XtraMile og Difi i offentleglova ultimo februar med puring etter ei veke. Dette vil nå fleire på kort tid meir enn deltaking på fysiske kurs.

7. Gjennomgå retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at disse er i samsvar med føresegna i regelverket

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
1. Gå igjennom retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering og sjå til at desse er i samsvar med føresegner i regelverket	Ferdigstilling 1. juni 2019	Arkivplangruppa	Delvis gjennomført, sjå informasjon i siste del av notatet.
2. Vurdere om ein for ePhorte i Vestland fylkeskommune kan ha hendelsesstruktur heller enn dagens mappestruktur	Arbeidsgruppe som arbeider med ePhorte for Vestland fylkeskommune må vurdere hendelsestruktur. Vurdering gjort innan 1. januar 2020.	Arbeidsgruppe for Kartlegging og oppretting av innhald	Pågåande
3. Legg fram problemstillinga for leverandør av sakarkiv i møte	Møte med leverandør for felles sakarkiv haust 2018 og vår 2019	Arbeidsgruppe for Kartlegging og oppretting av innhald	Pågåande

8. Sikre at retningslinene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
1. Halvdagskurs med fokus på meiroffentlegheit for leiarar	Sjå punkt 6	Arkivplangruppa	Sjå utrulling av e-læringskurs i offentleglova som eit alternativ til fysiske halvdagskurs, sjå punkt 6.
2. e-læringskurs i forvaltingslova	«Får Walter lov?» e-læringskurs Difi. Vert rulla ut i slutten av november til alle tilsette	HR v/Frode Mannsåker	Planleggingsmøte i desember 2018 gjennomført.  Utsending ultimo januar, med purring etter ei veke. Kurset er tilrettelagt av XtraMile og utarbeidd av Difi. Er klar til utsending veke 4.

9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte

Tiltak	Gjennomføring	Ansvarleg	Status pr. 21. januar 2019
a. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ b. Oppdatere desse dersom regelverket ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk	Ferdigstilling 30. april 2019	Fylkessekretariatet v/Bertil Søfteland	Under arbeid

*Andre ledd* er en videreføring av revisjonsforskriften § 15 første ledd andre punktum, men er endret slik at det er "revisjonen" som skal avgi egenvurderingen. Dette betyr at det er daglig leder av en kommunerevisjon eller et interkommunalt samarbeid, eller den oppdragsansvarlige revisoren i et privat revisjonsselskap som skal levere den. I tillegg er bestemmelsen utvidet i den forstand at erklæringen skal gjelde alle revisors medarbeidere som er involvert i revisjonsoppdraget for kommunen.

*Tredje ledd* er en videreføring av revisjonsforskriften § 15 andre ledd, men også den er endret slik at det er "revisjonens" uavhengighet som skal vurderes.

*Til § 18 Unntak fra taushetsplikten for revisor og revisors medarbeidere*

*Første ledd* er en videreføring av revisjonsforskriften § 22.

*Andre ledd* er en videreføring av revisjonsforskriften § 21.

*Til § 19 Krav til dokumentasjon av revisors virksomhet*

Bestemmelsen er en videreføring av revisjonsforskriften § 10.

## **8. Forslag til forskrift**

### **Utkast til forskrift om kontrollutvalg og revisjon**

*Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet xx.yy 2019 med hjemmel i kommuneloven §§ 23-2, 24-2 og 24-4.*

#### Kapittel 1. Kontrollutvalgets oppgaver mv.

##### *§ 1 Begrensning av kontrollutvalgets myndighet*

Kontrollutvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer eller andre kommunale organer.

##### *§ 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet*

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen om årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

### § 3 Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper og årsberetninger blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven §§ 24-7 til 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

### § 4 Kontrollutvalgets rapportering om forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller

Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem.

### § 5 Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.

### § 6 Innkalling til møte i kontrollutvalget

Innkalling til møte i kontrollutvalget skal sendes til utvalgets medlemmer, ordfører eller fylkesordfører og kommunens eller fylkeskommunens oppdragsansvarlige revisorer.

## Kapittel 2. Krav ved egen revisjon, valg og bytte av revisor og uttalelsesrett ved forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

### § 7 Ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse av revisor

Når kommunen eller fylkeskommunen har egen revisjon er det kommunestyret eller fylkestinget selv som ansetter, suspenderer, sier opp og avskjediger revisjonens leder. Kontrollutvalget innstiller i slike saker. Revisjonens leder ansetter, suspenderer, sier opp og avskjediger revisjonens øvrige ansatte.

### § 8 Revisjonsplikt, valg av regnskapsrevisor og kvalifikasjonskrav

Kommunens og fylkeskommunens årsregnskaper og årsberetninger skal revideres.

Kommunestyret og fylkestinget velger hvem som skal være regnskapsrevisor for hver av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper og årsberetninger.

Den oppdragsansvarlige for revisjonen av årsregnskap og årsberetning etter kommuneloven, skal ha en bachelor- eller mastergrad i regnskap og revisjon i samsvar med Finanstilsynets krav til registrert og statsautorisert revisor gitt med hjemmel i revisorloven, og i tillegg ha tre års praksis fra regnskapsrevisjon.

Representantskapet skal velge regnskapsrevisor når et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap etter kommuneloven § 14-8 første ledd utarbeider eget årsregnskap og egen årsberetning og hvis ikke noe annet er fastsatt i samarbeidsavtalen.

*§ 9 Utpeking av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor, oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor og oppdragsansvarlig revisor for eierskapskontroll*

Det skal utpekes en oppdragsansvarlig revisor for hvert regnskapsrevisjonsoppdrag, hvert forvaltningsrevisjonsoppdrag og hvert oppdrag om eierskapskontroll.

*§ 10 Krav ved bytte av regnskapsrevisor*

Før en revisor tar på seg ansvaret for å revidere et årsregnskap og en årsberetning etter kommuneloven, skal revisoren be om en uttalelse fra den reviderte virksomhetens forrige revisor om det foreligger forhold som tilsier at en ny revisor ikke bør ta på seg oppdraget. Den forrige revisoren skal uten ugrunnet opphold opplyse skriftlig til den nye revisoren om begrunnelsen for sin fratreden.

Hvis en revisor sier fra seg et oppdrag og fraråder en annen revisor å ta på seg oppdraget, skal revisor dokumentere begrunnelsen for å fratre og for rådet. Også den nye revisoren skal dokumentere sin begrunnelse for å ta på seg oppdraget i strid med den tidligere revisorens råd.

Hvis det kan ha betydning for den framtidige revisjonen, skal den forrige regnskapsrevisoren uten hinder av taushetsplikten gi opplysninger og dokumentasjon om revisjonsoppdraget til den nye revisoren.

*§ 11 Regnskapsrevisors rett til å si fra seg et oppdrag*

Når en kommune eller fylkeskommune deltar i et interkommunalt revisjons samarbeid eller har inngått avtale med en annen regnskapsrevisor, har regnskapsrevisoren rett til å si fra seg oppdraget hvis

- a) revisoren har avdekket og påpekt vesentlige brudd på lov eller forskrift som den reviderte virksomheten er underlagt, og virksomheten ikke iverksetter tiltak som er nødvendige for å rette opp forholdene
- b) revisoren ikke gis mulighet til å oppfylle sine plikter etter lov eller forskrift
- c) det foreligger andre særlige grunner.

Revisoren skal varsle den reviderte virksomheten, om at han sier fra seg oppdraget, i god nok tid til at virksomheten kan innrette seg.

*§ 12 Overføring av revisjonsoppdrag ved sammenslutning og omorganisering av revisors virksomhet*

Hvis flere revisjonsselskaper slår seg sammen, viderefører det nye selskapet de revisjonsoppdragene som selskapene hadde før sammenslutningen. Det samme gjelder ved selskapsrettslig omorganisering av et revisjonsselskap og når en personlig drevet revisjonsvirksomhet tas opp i et revisjonsselskap.

Overføring av revisjonsoppdrag etter første ledd begrenser ikke oppdragsgiverens adgang til å bytte revisor.

Et selskap eller en person som nevnt i første ledd skal uten ugrunnet opphold gi skriftlig melding til oppdragsgiveren om sammenslutning, omorganisering eller opptak.

*§ 13 Uttalelserett ved forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll*

Revisor skal sende utkast til forvaltningsrevisjonsrapport til uttalelse til kommunedirektøren, kommunerådet eller fylkesrådet.

Revisor skal sende utkast til forvaltningsrevisjonsrapport til uttalelse til det kommunale foretaket, det fylkeskommunale foretaket, aksjeselskapet eller interkommunale selskapet som er gjenstand for forvaltningsrevisjon.



Revisor skal sende utkast til rapport om eierskapskontroll til uttalelse til selskapet som er omfattet av eierskapskontrollen og den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierfunksjon.

Kommentarene skal fremgå av rapporten.

### Kapittel 3. Krav til revisor og revisors medarbeidere

#### *§ 14 Krav til revisors uavhengighet*

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

#### *§ 15 Grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten*

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn, som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.

Som nærstående etter første ledd regnes

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere.

#### *§ 16 Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha*

Revisor kan ikke

- a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
- b) ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av
- c) være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av. Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap eller samvirkeforetak
- d) delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren
- e) utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
- f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver
- g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

#### *§ 17 Krav til egenvurdering av uavhengighet*

Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Revisjonen skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering til kontrollutvalget om revisjonens uavhengighet.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.

#### *§ 18 Unntak fra taushetsplikten for revisor og revisors medarbeidere*

Revisors taushetsplikt etter kommuneloven § 24-2 femte ledd gjelder også revisors medarbeidere.

Hvis det i forbindelse med et revisjonsoppdrag eller annen kontroll framkommer forhold som gir grunn til mistanke om at det er begått en straffbar handling, kan revisor og revisors medarbeidere underrette politiet uten hinder av taushetsplikten. Hvis det er åpnet etterforskning i en straffesak, kan revisor og revisors medarbeidere uten hinder av taushetsplikten avgi forklaring og framlegge dokumentasjon til politiet om revisjonsoppdrag eller annen kontroll.

Hvis det er nødvendig for at skatteetaten skal kunne utføre sine kontrolloppgaver, kan revisor og revisors medarbeidere uten hinder av taushetsplikten, gi opplysninger til skatteetaten om en persons forbindelse med kommunen eller fylkeskommunen.

Taushetsplikten er ikke til hinder for at kontrollører som er engasjert av bransjeorganisasjoner, kan kontrollere hvordan revisjonen er utført.

#### *§ 19 Krav til dokumentasjon av revisors virksomhet*

Revisor skal dokumentere hvordan revisjonen er gjennomført og resultatet av revisjonen. Dokumentasjonen skal kunne underbygge og gi grunnlag for å etterprøve revisors konklusjoner. Forhold som tilsier at det kan foreligge misligheter eller feil, skal dokumenteres særskilt med angivelse av hva revisor har foretatt seg.

Ved rådgivning og andre tjenester for den reviderte virksomheten, skal revisor dokumentere oppdragets art, omfang og en eventuell anbefaling.

Revisor skal oppbevare dokumentasjonen på en ordnet og betryggende måte i minst 10 år.

### Kapittel 4. Ikrafttredelse og opphevinger

#### *§ 20 Ikrafttredelse*

Forskriften trer i kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.

Fra samme tidspunkt oppheves

- a) forskrift 15. juni nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner
- b) forskrift 15. juni nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

**PS 19/19 Eventuelt**

Arkivnr: 2019/888-1  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	20/19	11.02.2019

**Budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020****Bakgrunn for saka:**Lov og forskriftsgrunnlag:

Etter "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 18 skal kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

## § 18. Budsjettbehandlingen

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forlag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen."*

## Departementets merknader til § 18

*"Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.*

*Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgir innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.*

*I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunenenes/fylkeskommunenenes budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."*

Ny kommunelov vart vedteken av Stortinget 22.06.2018. Denne skal tre i kraft i løpet av 2019 og det pågår for tida arbeid med å utarbeide forskrifter til denne. Det er ikkje noko som tyder på at det vil verta vesentlege endringar i høve dagens forskrift når det gjeld punktet om budsjett for kontrollutvalet.

I Vestland fylkeskommune vil kontrollutvalet ha ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette inneber at budsjettforslaget inneheld tal både for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet.

#### Tidlegare vedtak:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 115/18 i møte 17.12.2018:

*«Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.»*

Vedtaket vert delt opp i to saker ved at det som gjeld reglement vert lagt fram i anna sak til dette møtet.

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune har komme til at desse sakene også må leggjast fram for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fellesnemnda handsama i møte 19.12.2018 sak PS 58/18 «Budsjettprosess – Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune, DP 6.2». Saka ligg ved som vedlegg 1. Denne saka skildrar korleis ein har tenkt seg at prosessen skal vera fram til forslag til budsjett er ferdig utarbeidd og klar til å vedtakast i konstituerande fylkesting i oktober 2019.

Det er avklart med administrasjonen at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2020 bør vera ferdig handsama i kontrollutvala i mai slik at det er klart til møte i fellesnemnda 18.06.2019.

#### **Drøfting:**

I dette møtet er tanken at kontrollutvala skal diskutere kva moment som bør takast med i budsjettarbeidet som skal ende opp med å leggje fram eit forslag til budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020.

I arbeidet kan t.d. desse punkta vera aktuelle å drøfte:

#### Kontrollutvalet:

- Godtgjersle til politikarar (endeleg reglement skal handsamast i FN vinter/vår 2019)
- Storleik på tapt arbeidsforteneste
- Tal møter i året?
- Kvar i fylket skal møtene haldast?
- Reisekostnader
- Folkevaldopplæring
- Abonnement
- Ekstra tiltaksmidlar
- Anna

#### Ekstern revisor:

- Rekneskapsrevisjon (fastpris)
- Omfang på bestilling av forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll mv. (timepris etter bestilling)
- Anna

Sekretariat for kontrollutvalet:

- Bemanning - Utgifter til løn og andre personalkostnader
- Reisekostnader
- Trong for nytt utstyr, møblar, PC, telefon mv.
- Abonnement
- Kurs/kompetanseheving
- Inntekter frå sal til kommunar mv.
- Anna

**Konklusjon:**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune inviterer kontrollutvala til å drøfte saka i møtet og koma med innspel til det vidare arbeidet. Det vert tilrådd at kontrollsjefen, m.a. på bakgrunn av det som kjem fram i møtet, får i oppdrag å legge fram forslag til budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020 til møte som skal haldast 06.05.2019.

**Forslag til vedtak**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til budsjett for kontrollutvalet for 2020 til møte som skal haldast 06.05.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Budsjettprosess – Budsjett 2020-økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand, Hordaland  
Saksbehandlar: Astrid Lernes, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2018/00-0

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda sitt arbeidsutval		27.11.2018
Fellesnemnda		19.12.2018

## Budsjettprosess – Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune, DP 6.2

**Prosjektleiari rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:  
Fellesnemnda sitt arbeidsutval rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fellesnemnda skal hausten 2019 legge fram framlegg til Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.
- 2 Fellesnemnda skal i budsjettprosessen ha rolla som finansutval og arbeidet vert lagt opp som skissert i saksframstillinga.
- 3 Prosjektleiari skal fylla sekretariatsrolla og får ansvar for å organisere det administrative arbeidet med budsjettet 2020 i samarbeid med fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland.
- 4 Det vert lagt inn 3 ekstra møtedagar i fellesnemnda sin møteplan slik:
  - Møtet 14. februar vert utvida med ein møtedag (miniseminar)
  - Det vert lagt inn eit nytt møte 13.mars.
  - Møte i etterkant av framlegg til statsbudsjett 2020

## SAKSFRAMSTILLING

---

I denne saka kjem prosjektleiari med framlegg til politisk prosess i høve arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

### 1. Bakgrunn

Saka tek utgangspunkt i pkt. 8 i fellesnemnda sitt reglement. Her står følgjande:

«Fellesnemnda får ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.»

I samband med dette har prosjektleiaren fått ei prosjektgruppe til å sjå på korleis budsjettprosessen for 2020 bør gjennomførast. Prosjektleiaren sine tilrådingar i denne saka bygger i stor grad på attendemeldingane frå denne prosjektgruppa.

### 2. Budsjettprosess

I sak 35/18 vedtok Fellesnemnda at Vestland fylkeskommune skal opprette finansutval som skal leie det årlege budsjettarbeidet. Med bakgrunn i dette meiner prosjektleiaren at det er naturleg å starte opp med ein slik modell i arbeidet med budsjettet for 2020, og at Fellesnemnda får funksjonen som finansutval.

I praksis betyr dette at det er fellesnemnda som legg fram framlegg til budsjett 2020/økonomiplan 2020-23. Det er då viktig at fellesnemnda vert involvert i prosessen på ein god måte og at politikarane får setje sitt preg på framlegget. Politisk involvering i prosessarbeid stiller store krav både til politisk og administrativt nivå. Administrasjonen må ta ansvar for å løfte fram viktige vegval og lage gode avgjerdsgrunnlag, medan politikarane forpliktar seg til å ta stilling til framlagt materiale og gje klare signal for korleis administrasjonen skal ta dette vidare.

Dette kan vere ei krevjande øving med økonomisk utfordrande rammeføresetnader, men det er i slike situasjonar det er spesielt viktig å ta stilling til korleis tilgjengelege økonomiske ressursar kan nyttast på best mogleg måte.

Arbeidsforma for finansutvalet/Fellesnemnda bør vere ein kombinasjon av skriftlege framstillingar (arbeidsdokument) og presentasjonar. Prosjektleiaren må fylla sekretariatsrolla og får ansvar for å organisere det administrative arbeidet med budsjettet 2020 i samarbeid med fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Prosjektleiaren legg opp til å strukturere budsjettarbeidet mot fellesnemnda slik:

#### 1.kvartal

Prosjektleiaren ser det som viktig å gje politikarane ein felles ståstad, og få innsikt i den delen av organisasjonen som vert ny for dei. Det er også viktig at politikarane får nærare innsikt i den arbeidsmetodikken som vert lagt til grunn for budsjettarbeidet. Det kan vere aktuelt å ta desse tema opp i eit eige «miniseminar» i starten av budsjettåret.

Når det gjeld sjølve budsjettarbeidet er det vesentleg at fellesnemnda får ei første orientering om den samla økonomien og dei føresetnader/utfordringar som ligg i budsjett 2019 og økonomiplan 2020-22 for dei to fylkeskommunane.

Dei vert vidare utfordra på ei første prioritering av viktige område innafor budsjett-rammene. Resultat av drøftingane vert teke med i det vidare budsjettarbeidet.

#### 2.kvartal

Kommuneproposisjonen i mai kjem med forslag til nytt inntektssystem. Dette vil leggje avgjerande føringar for inntektssida i budsjettet for Vestland fylkeskommune. Det vert lagt opp til at Fellesnemnda får ein gjennomgang av framlegget og verknadane som følgje av dette.

Fellesnemnda skal så vedta sektorrammer som skal leggjast til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

#### 3.kvartal

Fellesnemnda vert orientert om salderingsmessige konsekvensar av det administrative arbeidet med å tilpasse drifts- og investeringsbudsjetta til budsjetttrammene fellesnemnda vedtok.

Ev. aktuelle eksterne søknader vert samla opp, vurderte og lagt fram for Fellesnemnda for avgjerd.

Det bør opnast for at ulike råd/utval får høve til å kome med innspel til budsjett/økonomiplan. Desse innspela vert presentert for Fellesnemnda.

Innspela vert innarbeida i Fellesnemnda sitt budsjettforslag.

#### 4.kvartal

Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2020 kjem i oktober. Fylkesrådmannen innarbeider verknadene av statsbudsjettet i forslaget frå fellesnemnda og legg dette fram for fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune. Budsjettet vert vedteke av Vestland fylkesting.

### **3. Nærare om møteplan og innhald**

For å sikre ei god gjennomføring av prosessen ynskjer prosjektleiaren å fremme tre endringar i høve vedteken møteplan i Fellesnemnda:

- Møtet 14. februar vert utvida med ein møtedag (miniseminar)
- Det vert lagt inn eit nytt møte 13. mars.



- Møte i etterkant av framlegg til statsbudsjett 2020

Etter disse justeringane vil prosjektleiaren tilrå at følgjande møteplan og tematikkar vert lagt til grunn for arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-23:

Møtedato	Tema
14. februar (+ 1 dag)	<p><b>Miniseminar - presentasjonar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjent med sektorane – presentasjon av høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane</li> <li>• Arbeidsmetodikk og prosess</li> </ul> <p><b>Arbeidsdokument 1/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av eit samla budsjett</li> <li>• Første vurdering av utfordringar</li> <li>• Strategiske prioriteringar – utfordre på nokre overordna vegval</li> <li>• Eventuelle politiske «bestillingar» til vidare arbeid</li> </ul>
13. mars (ny)	<p><b>Arbeidsdokument 2/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Investeringsbudsjettet</li> <li>• Svar på/ev. nye politiske «bestillingar»</li> </ul>
23 mai	<p><b>Arbeidsdokument 3/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av hovudlinene i kommuneproposisjonen med fokus på <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kva betyr nytt inntektssystem for Vestland fk?</li> <li>○ Skal det reagerast politisk på noko av innhaldet?</li> </ul> </li> <li>• Svar på/ev. nye politiske «bestillingar»</li> </ul>
18 jun	<p><b>Arbeidsdokument 4/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilpassing til økonomiske rammer som følgje av kommuneproposisjonen.</li> <li>• Vedta sektorrammer som skal leggest til grunn</li> <li>• Svar på/ev. nye politiske «bestillingar»</li> </ul>
12 sept	<p><b>Arbeidsdokument 5/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklaring av satsingsområde/prioriteringar</li> <li>• Handsaming av ev eksterne søknader</li> <li>• Innspel/uttalar frå ulike råd (FTU, Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne)</li> <li>• Framlegg til saldering før statsbudsjettet</li> </ul>
24 okt	<p><b>Arbeidsdokument 6/19:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Verknader av statsbudsjettet</li> <li>• Saldering</li> <li>• Framlegg til budsjett til fylkesutvalet</li> <li>• Vedtak om utlegging</li> </ul>

Arkivnr: 2018/16811-13  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	21/19	11.02.2019

**Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune - forslag til konkurransegrunnlag****Bakgrunn for saka:**

**Fellesnemnda i Vestland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 34/18 i møte 21.09.2018:**

«Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.»*

**Vidare gjorde fellesnemnda i Vestland fylkeskommune slikt vedtak i sak PS 53/18 i møte 19.12.2018:**

1. *Hogne Haktorson vert tilsett i stillinga som kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.*
2. *Kontrollsjefen får ansvar for det praktiske arbeidet i samband med etablering av sekretariat for kontrollutval for Vestland fylkeskommune. I dette ligg også hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.*
3. *Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
4. *Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår. Overgangen til ny stilling skjer etter avtale med kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Utvalet vert leia av kontrollutvalsleiar i Hordaland.*

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok slik «Plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune» i møte 20.11.2018 og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde det same i møte 17.12.2018:

Kven	Kva	Når
Valt tilbydar	Start kontraktperiode	01.01.2020
Tilbydarar	Tilbødet står ved lag til	31.12.2019
Sekretariatet	Signering av kontrakt	November/desember
Tilbydarar	Utløp av karenperiode	10 dagar etter melding om tildeling
Sekretariatet	Melding om tildeling	Oktober/november
Fellesnemnda	Endeleg vedtak om val av revisor for Vestland fk	12. september 2019
Kontrollutvalet i SFFK	Tilråding	September 2019
Kontrollutvalet i HFK	Tilråding	September 2019
Kontrollutvala SFFK	Presentasjon av forslag til evaluering av tilbød	28.05.2019
Kontrollutvalet HFK	Presentasjon av forslag til evaluering av tilbød	17.06.2019
Sekretariatet	Evaluering av innkomne tilbød	April - juni
Tilbydarar	Innsending av tilbød (Anbudsopning)	11.04.2019 kl. 12.00
Sekretariatet/innkjøp	Siste dag svar på spørsmål til konk.grunnlaget	04.04.2019
Innkjøp	Anbød kunngjort i DOFFIN og evt. TED	25.02.2019
Kontrollutvalet i SFFK	Godkjenning av konkurransegrunnlag	11.02.2019
Kontrollutvalet i HFK	Godkjenning av konkurransegrunnlag	11.02.2019
Sekretariatet/Innkjøp	Markedsdialog med aktuelle tilbydarar	Januar 2019
Sekretariatet /Innkjøp	Utarbeiding av konkurransegrunnlag	01.12.18 – 15.01.19
Kontrollutvalet i HFK	Plan for anbudsprosess val av revisor	17. des. 18
Kontrollutvalet i SFFK	Plan for anbudsprosess val av revisor	20. nov. 18

### **Drøfting:**

I tråd med det som går fram over har kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune fått hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.

Forslag til konkurransegrunnlag for konkurranseutsetting av revisjonstenestene vert difor no lagt fram for kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune har, saman med jurist utlånt frå innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, utarbeidd forslag til konkurransegrunnlag. Kontrollsjefen i Sogn og Fjordane fylkeskommune har også vore involvert i dette arbeidet. Konkurransegrunnlaget tar utgangspunkt i ein mal som vert nytta av innkjøpsavdelinga i Hordaland fylkeskommune til alle innkjøp. Desse dokumenta er tilpassa innkjøp av revisjonstenester for Vestland fylkeskommune. Det er desse vedlagte dokumenta som vil vera av særskilt interesse for kontrollutvala å drøfte:

- Vedlegg A Kravspesifikasjon
- Vedlegg B Leverandøren si skildring av leveransen
- Vedlegg C Prisar

Dei andre dokumenta i konkurransegrunnlaget inneheld for det meste formaliteter som vil gjelde for alle typar innkjøp. Av desse dokumenta går det m.a. fram dette som kan vera relevant for kontrollutvalet å drøfte:

### **«TILDELINGSKRITERIUM**

*Tildelinga skjer på grunnlag av kva for tilbød som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria:*

<b>Kriterium</b>	<b>Vekt</b>	<b>Dokumentasjon</b>
Pris	40 %	Ferdig utfylt Vedlegg C - Prisskjema
Kvalitet (løysing av oppdraget)	30 %	Ferdig utfylt Vedlegg B - Leverandøren si skildring av leveransen
Kompetanse	30 %	Ferdig utfylt Vedlegg B

Alle godkjente tilbod vil bli evaluerte med poeng på tildelingskriteria, der 6 er høgast og 0 er lågast.

Oppdragsgjevar nyttar ein evalueringsmodell der beste pristilbod får 6 poeng, medan dei andre pristilboda får poeng basert på forholdsmessig metode ( $PB/PE \times 6 =$ , der PB står for beste pristilbod og PE for det evaluerte pristilbodet).

Beste tilbod på det einskilde kvalitative kriterium vil verte oppjustert til maksimalt antal poeng, og dei andre tilbydarane vert flytta proporsjonalt etter dette.»

#### «TIDSLENGD

Rammeavtalen trer i kraft 01.01.2020 og varar til 30.06.2024. Rekneskapsrevisjon for perioden 01.01. – 30.06.2020 skal omfatte naudsynt revisjon for rekneskapsåret 2020 i tråd med punkt 3 i vedlegg A – Kravspesifikasjon. Prissetting for dette halvåret skal avspegle at «førre revisor» reviderar årsrekneskapane for 2019 i vårhalvår 2020, slik at det vert mindre arbeid for «ny revisor» i dette halvåret enn i øvrige vårhalvår. Revisjon for 2023 inneheld revisjon av årsrekneskapen for 2023, ferdig gjennomført våren 2024. Kontrakten vert avslutta ved avtaletida si utløp, utan føreutgåande oppseiing.»

Kontrollutvala vert invitert til å gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til områder som konkurransegrunnlaget skal omfatta, og som skal lysast ut.

Det vert lagt opp til å ha eit felles video møte mellom dei to kontrollutvala der forslaget vert presentert. Det må reknast god tid for kontrollutvala til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

#### **Konklusjon:**

Kontrollutvala føretek gjennomgang av anbodsdocumenta i møtet.

#### **Forslag til vedtak**

1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Kontrollsjefen får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 K2 Vedlegg A - Kravspesifikasjon - SEKO
- 2 K2 Vedlegg B - Leverandør si skildring av leveransen - SEKO
- 3 K2 Vedlegg C - Prisar word - SEKO

# VEDLEGG A KRAVSPESIFIKASJON

## REVISJONSTENESTER FOR VESTLAND FYLKESKOMMUNE

## 1 GENERELT

Kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vil stå for arbeidet med å finna REVISOR for nye Vestland fylkeskommune og lage innstilling om dette til fellesnemnda. Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet er engasjert til å bistå kontrollutvala med dette arbeidet.

Etter planen skal fellesnemnda gjera vedtak om val av REVISOR i sitt møte i september 2019, og REVISOR starte sitt arbeid 1. januar 2020.

Revisjonstenester skal i hovedsak dekke oppgåver som er skildra i Lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner, Kapittel 23 og 24 med tilhøyrande forskrifter mv.

Kontrollutvalet er fylkestinget sitt kontrollorgan, og skal føre tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Herunder eit ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, at fylkeskommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte, og for å halde seg orientert om revisjonsarbeidet. I tillegg har kontrollutvalet eit ansvar for å sjå til at fylkeskommunen si verksemd vert gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og har ein bestillarfunksjon i dette arbeidet. Det er såleis viktig at kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og eit tett samarbeid.

## 2 ARBEIDSOMFANG/NØKKELTAL

Den nye fylkeskommunen er ikkje operativ før frå 01.01.2020. Det ligg difor ikkje føre historiske tal eller forslag til budsjett som kan leggjast til grunn. Nøkkeltal ol. som ligg i dette konkurransegrunnlaget baserer seg difor på anslag.

Vestland fylkeskommune vil ha om lag 5700 tilsette og 3700 av dei tilsette arbeider innan sektor for opplæring. I 2020 vil det anslagsvis verta nytta 11 milliarder kroner til drift og om lag 6 milliardar kroner til investeringar.

Tal inngåande faktura for 2020 vil truleg vert om lag 120 000, og tal utgåande faktura om lag 50 000. Dette er eit anslag som vil variere frå år til. Rekneskapsystemet tek i mot data frå fylkeskommunen sine ulike datasystem.

Administrativ organisering for Vestland fylkeskommune saman med annan relevant informasjon vil du finne på <https://www.vlfk.no/>.

## 3 FASTPRISOPPDRAK

### 3.1 REKNESKAPSREVISJON

Årsrekneskapane, inkludert prosjektrekneskapar mv., skal reviderast i henhold til forskrift om revisjon for kommunar og fylkeskommunar og fylkeskommunale vedtak. I dette ligg også arbeid med konsolidert rekneskap etter ny kommunelov.

REVISOR skal vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter, herunder om det gjev uttrykk for den økonomiske verksemda i rekneskapsåret og stilling ved årsskiftet som er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk (GKRS).

REVISOR skal vidare m.a.:

- Sjå etter at beløp i rekneskapen stemmer med regulert budsjett slik det framstår etter gyldige vedtak/endingar fatta på rett beslutningsnivå, og at vesentlege avvik er gjort greie for i administrasjonen si årsmelding.
- Vurdere om opplysningar i den endelege årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen.
- Vurdere om administrasjonen har oppfylt si plikt til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lover og forskrifter.
- Sjå etter at administrasjonen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein trygg måte og med forsvareleg kontroll
- Føreta forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- Bidra til å førebygge og avdekke misleghald og feil.

REVISOR skal avgi revisjonsmelding utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt, men ikkje før revisor kan ha verifisert at administrasjonen si endeleg årsmelding er konsistent med årsrekneskapen. Revisjonsmeldinga skal avgis til fylkestinget med kopi til kontrollutvalet seinast 15. april, sjølv om årsrekneskapen ikkje ligg føre eller er ufullstendig. Avdekking av eventuell misleghald skal straks meldast skriftleg til kontrollutvalet.

Oppdragsgjevar skal avlegge årsrekneskapen i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsmelding innan 22. februar og endeleg årsmelding innen 31. mars.

Riksrevisjonen reviderte fram til 01.01.2017 m.a. ein del investeringsprosjekt innan fylkesvegar på vegne av fylkeskommunen. Riksrevisjonen har også kvart år fram til det revidert nokre mindre drift- og vedlikehaldsprosjekt. Vidare har dei gjennomført nokre andre kontrollar t.d. vurdering av intern kontroll i Statens Vegvesen. Desse oppgåvene er det no den valde revisor som har heile ansvaret for å revidere. Fastpristilbodet skal soleis dekke alle kostnader REVISOR har ved utføring av desse oppgåvene. Dette vert i dagens tilbod prisa til kr. 50 000 pr. år.

REVISOR skal vidare utføre kontroll og attestasjon av ulike kompensasjons- og tilskottsordningar. Anslagsvis vil det vere om lag 75 slike oppdrag i året. Dette gjeld mellom anna:

- Attestasjon for momskompensasjon for kvar momstermin
- Attestasjonar for statlege tilskot, refusjonskrav, prosjekt, fond, EU prosjekt (både som lead partner og ikkje lead partner) og andre liknande oppgåver.
- Dette gjeld både interne attestasjonar og attestasjonar frå ekstern tredjepart

Slike oppgåver har ofte korte tidsfristar og REVISOR skal tilpasse seg til dette. KUNDEN vil jobbe for å gje melding så tidleg som mogleg, men REVISOR vil unntaksvis måtte gjennomføre slike oppgåver på 1-2 dagars varsel.

Når avtale om revisjonsteneste er inngått, skal REVISOR straks ta kontakt med Oppdragsgjevar for å gjere avtale om fristar for attestasjonsoppgåver. Overskriding av tidsfristar kan medføre erstatningsansvar i samsvar med kontraktvilkåra.

Fastpristilbodet skal dekke alle kostnader REVISOR har ved utføring av desse oppgåvene.

## 3.2 RETTLEIING OG BISTAND

REVISOR skal svare på enkle spørsmål frå Oppdragsgjevar. Spørsmål som vil krevje eit timeforbruk på 1 time eller meir, kan fakturerast etter gjeldande timeprisar, etter ei på førehand godkjend bestilling.

## 3.3 OPPLÆRING

REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det ein-skilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar pr. år, t.d. 4 kurs á 2 timar. Det må påreknast at kursa kan måtte gjennomførast på ulike stader i Vestland fylkeskommune

## 3.4 MØTE

REVISOR skal delta på møte med Oppdragsgjevar for informasjon om, og drøfting av aktuelle problemstillingar. Dette skjer anslagsvis 6 – 10 gonger i året.

REVISOR skal møte fast i kontrollutvalet, og har plikt til å møte i fylkestinget når saker som har tilknytning til REVISOR sitt oppdrag skal handsamast. Rekneskapsrevisor skal vera tilstade i møter i kontrollutvalet under handsaming av rekneskapsaker, og forvaltningsrevisor under handsaming av saker som gjeld forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre timebaserte tenester.



## 4 TIMEBASERTE OPPDRAG

### Forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester

Kontrollutvalet vil prioritere dei områda som det er aktuelt å revidere. REVISOR skal utføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet. Det kan og verte aktuelt å gjennomføra andre timebaserte tenester. Omfanget av oppdraga skal avtalast med kontrollutvalet i det einskilde høve. Som eit anslag kan Oppdragsgjevar indikere eit omfang på om lag 1000 – 1500 timar pr. år. Andre timebaserte tenester kan gjelde oppdrag som ikkje inngår i den ordinære rekneskapsrevisjonen, f.eks. ekstra bestilling frå Oppdragsgjevar, eksempelvis hjelp til avstemmingar, rettleiing og bistand utover 1 time (jf. punkt 3.2) mv.

Oppdragsgjevar tek atterhald om at dei og kan få eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjonsoppdrag og andre timebaserte tenester utført ved hjelp av andre leverandørar i marknaden.

## 5 KOMPETANSE

Det er viktig for Oppdragsgjevar at dei aktuelle ressurspersonene har god erfaring og kompetanse, i hovedsak tilsvarende partnernivå og/eller medarbeidere med god erfaring frå offentleg revisjon.

Kompetansenivå for ansvarleg revisor og aktuelle medarbeidarar skal dokumenterast med CV for inntil 3-4 enkeltpersonar som blir tilbydd for gjennomføringa av rekneskapsrevisjonen og inntil 5 enkeltpersonar for timebaserte oppgåver. Det er det tilbydde personalet som skal brukast til gjennomføring av oppdraget.

Aktuelle medarbeidarar skal vera erfarne revisorar og ha erfaring frå revisjonsarbeid innan offentleg sektor, dokumentert ved henvisning til dei aktuelle oppdraga og omfanget.

## 6 LØYSING AV OPPDRAGET

REVISOR skal skildre skriftleg korleis dei vil løyse kvar enkelt av dei einskilde delane som er omtala i punkt 3, 4 og 5 i dette dokument. Det vil også verta lagt vekt på om REVISOR skildrar i tilstrekkeleg grad korleis dei vil sikre god kommunikasjon med kontrollutvalet og administrasjonen i fylkeskommunen. Det vil vidare verta lagt vekt på om tilbodet inneheld informasjon som kan gje tryggleik for at revisor har god nok forståing av korleis demokratiske og politiske prosessar fungerer i ein fylkeskommune.

REVISOR skal på førehand gje beskjed om revisjon hos Oppdragsgjevar slik at dei personane ein ønskjer å treffe kan sette av tid.

REVISOR bør gjera greie for i sitt tilbod på kva måte og i kor stor grad ein har innført digitalisering i revisjonen.

Tilbodet må også innehalde prosedyrer som viser kva som vert gjort for å sikre naudsynt kompetanse i leveransen når medarbeidarar sluttar og nye medarbeiderar skal inn.

REVISOR skal skildre grad av leveringsdyktighet og leveringspresisjon.

Det er ønskjeleg at det vert skildra generelt system for kvalitetssikring og system for kvalitetssikring som er spesielt for oppdraget.

Oppdragsgjevar nyttar nynorsk som målform. Rapportar ol. skal difor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med Oppdragsgjevar skje på nynorsk.

## VEDLEGG B

### LEVERANDØREN SI SKILDRING AV LEVERANSEN

## 1. INNLEIING

Leverandøren skal i Vedlegg B dokumentere si tilbydde løysing i tråd med oppsett i Vedlegg A - kravspesifikasjon. Leverandøren skal stadfeste at alle krav i kravspesifikasjonen er oppfylt. Det er leverandøren sitt ansvar å skildre alle element som er naudsynte for å få ei komplett løysing, sjølv om desse ikkje er kravsett. Tilbydar skal svare i dette dokumentet. Kvar kapittel skal kommenterast i tabellboksar eller skjemafelt som oppdragsgjevar har satt inn i denne tilbodsmaalen.

## 2. SVARKODAR

Kode	Tyding	Skildring
J	Ja	Krav er innfridd og inkludert i prisen
N	Nei	Kravet er ikkje dekket
D	Delvis	Kravet er delvis dekket, og det må spesifiserast kva som vert levert og kva som ikkje vert levert.
K	Særskilt kostnadsdrivande	Kravet vert oppfylt, men er spesielt kostnadsdrivande for prisen. Dersom fleire krav vert dekket av same komponent må dette komme fram klart og tydeleg.

## 3. KORLEIS FYLLE UT TILBODSMALEN

Fyll ut kolonnen for svar/kode med svarkodane gitt over. I kommentarfeltet er det mogleg for tilbydar å skildre korleis kravet blir oppfylt. Dette vil då bli evaluert under tildelingskriteria. Dersom tilbydar finn det meir føremåls-tenleg å svare på kravet i eige vedlegg, vis då til kva vedlegg, i kolonna for kommentarar.

## 4. KVALITET PÅ LØYSING (30 %)

Underpunkt 1, 2, 3, 6, 7 og 8 vil bli vekta høgare enn underpunkt 4, 5, 9 og 10.

Krav			Svar
Nr	Skildring	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
1.	Skildring av korleis tilbydar vil utføre arbeidet og metodikk som tilbydar vil bruke på: <ul style="list-style-type: none"> <li>Alle delar innan rekneskapsrevisjon (fastprisdelen punkt 3)</li> <li>Generelt system for kvalitetssikring og spesielt system for dette oppdraget (punkt 6)</li> </ul>		
2.	Revisor må stadfeste at dei vil møte fast i kontrollutvalet, og har plikt til å møte i fylkestinget når saker som har tilknytning til revisor sitt oppdrag skal handsamast. Rekneskapsrevisor skal vera tilstade i møter i kontrollutvalet under handsaming av rekneskapsaker, og forvaltningsrevisor under handsaming av saker som gjeld forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre timebaserte tenester. (Fastprisdelen punkt 3.4)		
3.	Skildring av korleis tilbydar vil utføre arbeidet og metodikk som tilbydar vil bruke: <ul style="list-style-type: none"> <li>Forvaltningsrevisjon inkludert arbeid med plan for forvaltningsrevisjon (Timebaserte oppdrag punkt 4)</li> <li>Generelt system for kvalitetssikring og spesielt system for dette oppdraget (punkt 6)</li> </ul>		

4.	Skildring av korleis tilbydar vil utføre arbeidet og metodikk som tilbydar vil bruke på: <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigarskapskontroll inkludert arbeid med plan for eigarskapskontroll (Timebaserte oppdrag punkt 4)</li> <li>Generelt system for kvalitetssikring og spesielt system for dette oppdraget (punkt 6)</li> </ul>		
5.	Skildring av korleis tilbydar vil utføre arbeidet og metodikk som tilbydar vil bruke på: <ul style="list-style-type: none"> <li>Eventuelle andre timebaserte tenester som kan tilbys (Timebaserte oppdrag punkt 4)</li> <li>Generelt system for kvalitetssikring og spesielt system for dette oppdraget (punkt 6)</li> </ul>		
6.	Skildring av korleis ein vil sikre god kommunikasjon med kontrollutvalet og administrasjonen i fylkeskommunen. (Punkt 6)		
7.	Skildring av om revisor har forståing av korleis demokratiske og politiske prosessar fungerer i ein fylkeskommune. (Punkt 6)		
8.	Rapporter ol. skal skrives på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med oppdragsgjevar skje på nynorsk. (Punkt 6)		
9.	Leveringsdyktigheit, som går ut på i kva omfang tilbydar kan utføre parallelle forvaltningsrevisjonsprosjekt, eigarskapsprosjekt eller andre timebaserte tenester. Her må tilbydar kunne sannsynleggjere i kva omfang slike oppdrag kan gjennomførast. (Jf punkt 3 og 4)		
10.	Det vert lagt vekt på leveringspresisjon. Tilbydar må sannsynleggjere at dei kan levere forvaltningsrevisjonsprosjekt, eigarskapsprosjekt eller andre timebaserte tenester til rett tid. (Jf punkt 4)		

## 5. KVALIFIKASJONAR PÅ TILBYDD PERSONELL (30 %)

Krav		Svar	
Nr	Skildring	Kode	Kommentar, evnt ref til vedlegg
11.	Kompetansenivå for ansvarleg revisor og aktuelle medarbeidarar skal dokumenterast med CV for inntil 3-4 enkeltpersonar som blir tilbydd for gjennomføringa av rekneskapsrevisjonen og inntil 5 for timebaserte oppgåver. Det er det tilbydde personalet som skal brukast til gjennomføring av oppdraget. (Punkt 5)		
12.	Skildring av prosedyrer som viser kva som vert gjort for å sikre naudsynt kompetanse i leveransen når medarbeidarar sluttar og nye medarbeidarar skal inn. (Punkt 6)		

# VEDLEGG C

## PRISAR

## 1 GENERELT

Prisane i Vedlegg C er oppgitt i NOK og eks. mva. Prisane skal inkludere alle leverandøren sine kostnader knytt til leveransen, slik som administrasjons- og faktureringskostnader, reiseutgifter, reisetid, skattar og andre avgifter osb.

## 2 FAST PRIS

Post	Skildring	Fast pris (NOK)
3.1 – 3.4	Fastpristenester 01.01. – 30.06.2020, jf. kravspesifikasjon vedlegg A punkt 3.1 – 3.4*	
3.1 – 3.4	Fastpristenester pr. år frå 01.07.2020, jf. kravspesifikasjon vedlegg A punkt 3.1 – 3.4	

\* Prissetting for dette halvåret skal avspegle at «førre revisor» reviderar årsrekneskapane for 2019 i vårhalvår 2020, slik at det vert mindre arbeid for «ny revisor» i dette halvåret enn i øvrige vårhalvår.

## 3 EININGSPRISAR

Post	Skildring	Fast pris (NOK)
4	Timebaserte tenester, jf. kravspesifikasjon vedlegg A punkt 4**	

\*\* Ved evalueringa av tilboda vert det tatt utgangpunkt i 1500 timar per år.

Arkivnr: 2016/3311-29  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	22/19	11.02.2019
Fellesnemnda		

**Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune****Bakgrunn for saka:**

Fellesnemnda fatta samrøystes vedtak 22.06.18. i sak PS 23/18, Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune.

**Samrøystes vedtak:**

1. *Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.*
2. *Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.*
3. *Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.*
4. *Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.*

Denne saka har sitt utspring i pkt. 3 i vedtaket overfor:

*Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.*

Før arbeidet kunne starta måtte ny kontrollsjef tilsettast, jmf. pkt. 2 overfor. Det skjedde i Fellesnemna sitt møte 19.12.18. i sak PS 53/18, Tilsetting av kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.

**Samrøystes vedtak**

1. *Hogne Haktorson vert tilsett i stillinga som kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.*
2. *Kontrollsjefen får ansvar for det praktiske arbeidet i samband med etablering av sekretariat for kontrollutval for Vestland fylkeskommune. I dette ligg også hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

3. *Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
4. *Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval beståande av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår. Overgangen til ny stilling skjer etter avtale med kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Utvalet vert leia av kontrollutvalsleiar i Hordaland.*

### **Drøfting:**

Fellesnemnda har i sak PS 23/18, vedtakspunkt 1, alt teke stilling til at:

*Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.*

Tema vidare i spørsmål om organisering og lokalisering kan då vera:

- Sekretariata i dag.
- Uavhengighet ift. administrasjonen.
- Arbeidsgjeverfunksjon og fullmakter
- Sal av tenester
- Lokalisering
- Innspel frå tillitsvalde

### **Sekretariata i dag.**

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har i dag 5 tilsette (4,8 årsverk) som for tida er sekretariat for 19 kontrollutval:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune
- Kontrollutvala til 17 av kommunane i Hordaland
- Kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellestråd

Sekretariat for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 1 tilsett (1 årsverk) som er sekretær for:

- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Uavhengighet ift. administrasjonen**

Kontrollutvalssekretariata skal etter lovverket vera uavhengig ift. administrasjonen, og såleis ikkje underlagt fylkesrådmannen. Det har til no vore ivareteke ved at sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvalet. Ein kan heller ikkje td. ha ½ stilling i sekretariatet og ½ stilling i fylkesadministrasjonen. Det ville i ytterste konsekvens innebera at du i halve jobben bl.a. skal kontrollera det arbeidet du gjer i andre halvparten av jobben din. Dette har ikkje vore ein reell problemstilling hjå oss, men det finst døme på problemstillinga.

Trass i uavhengigheten som skal ivaretakast, er det naturleg nok ikkje vasstette skott. Det er framheva som viktig, bl.a. i Kontrollutvalsboka (veglear frå KMD) at kontrollutvalet og sekretariata har god kontakt med både kommune- / fylkesadministrasjon, politisk leiing og revisjonen. Dessutan vil sekretariatet, som fylkeskommunalt tilsette, gå etter dei same reglane som øvrig tilsette i fylkesadministrasjonen ift. personalreglement, arbeidstid, etiske retningslinjer mv. Skillnaden er at kontrollsjefen rapporterer til kontrollutvalet og tilsette i sekretariatet rapporterer til kontrollsjefen.

### **Arbeidsgjeverfunksjon og fullmakter.**

Det var Fellesnemnda som tilsette kontrollsjefen. Tilsvarende bør det vera fylkestinget i Vestland fylkeskommune som har denne oppgåva etter fylkessamanslåinga.



Arbeidsgjevaransvaret bør elles vera klart definert, så slepp ein diskusjon i etterkant om det er rett instans som td. har fatta vedtak om løns- og arbeidsvilkår.

I HFK, der det er fleire tilsette, har denne vore utøvd i to trinn:

### **Kontrollutvalet**

Kontrollutvalet har arbeidsgjevarfunksjonen overfor kontrollsjefen. Utvalet oppnemner to eller fleire medlemmar som forhandlar fram og godkjenner løns- og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.

### **Kontrollsjefen**

Kontrollsjefen har arbeidsgjevarfunksjonen overfor øvrig tilsette i sekretariatet, som td. tilsetting, lønsfastsetting, innvilga permisjonar, og andre naturlege arbeidsgjevarfunksjonar som intern arbeidsfordeling i sekretariatet, herunder evt. å oppnemna stedfortredar eller anna funksjon innan sekretariatet.

Det vert tilrådd vidareføring av slik praksis, som og er i tråd med to vedtakspunkt i Fellesnemnda si sak PS 53/18:

Vedtaks punkt 4, 1. setning:

*Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår.*

Vedtaks punkt 3:

*Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*

Kontrollsjefen tolkar vedtaks punkt 3 slik at tilsettingsmynde og inkluderer øvrige arbeidsgjevarfunksjonar, slik dei er skissert overfor.

Tidlegare var det fylkestinget i Hordaland som fatta vedtak om oppretting av nye stillingar i sekretariat for kontrollutvalet. Så fatta tinget vedtak i sak 95/07 om at tal tilsette kunne aukast når meirkostnaden vart dekkja gjennom tilsvarende auka inntekter for sal av sekretariatstenester.

### **Nye oppdrag.**

Som oftast er det kort tid frå ein førespurnad om tenester, til sekretariatet må ta stilling til om ein kan påta seg eit nytt oppdrag. Tal tilsette vil vera ein del av ei slik vurdering. Då er det greitt at slik fullmakt og gjeld i den nye fylkeskommunen. Retningsgjevande då er at ein ikkje skal krysssubsidiera kommunane, men at det heller ikkje er lagt opp til at fylkeskommunen skal ha særleg økonomisk vinst på desse oppdraga.

### Sal av tenester.

Det var eit bevisst val hjå Hordaland fylkeskommune i 2004 at kontrollutvalet sitt sekretariat skulle selja tenester til interesserte kommunar. Det hadde fleire grunnar:

- Sekretariatet kunne ha minst to tilsette i full stilling, og var såleis mindre sårbar ved sjukdom, vakans mv.
- Kunnskapsoverføring frå det ein tileigna seg i ein kommune, som og kunne anvendast i HFK eller i ein av dei andre kommunane.

Haldninga har vore at sekretariatet skulle vera positivt innstilt til ønskje frå kommunane i Hordaland som ønskte å få dekkja sine sekretariatstenester for kontrollutvalet sitt frå fylkeskommunen sitt kontrollutvalssekretariat. Døme på korleis det har vore praktisert:

- Interesserte kommunar i Hordaland har fått eit tilbod frå fylkeskommunen som dei kunne vurdere.
- Me har og vore settesekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune i ½ år, då dei var i ein vanskeleg situasjon.

- Me har for ei stund tilbake hatt førespurnad frå ein kommune utanfor fylkesgrensa, men valde då, i samråd med kontrollutvalet, å ikkje gje tilbod.

I prinsippet har det og vore opning i Sogn og Fjordane for å tilby tenester overfor kommunane i fylket. Kontrollutvala til kommunane i Sogn regionråd var knytt til det fylkeskommunale sekretariatet frå 2005-2008. Frå og med 2009 har ingen kommunar vore knytt til det fylkeskommunale kontrollutvalssekretariatet.

Tilråding vidare, er tilsvarande at Vestland fylkeskommune gjev tilbod til:

- Interesserte kommunar i nye Vestland fylke
- Romsleg tilnærming til kommunar i grenseområde mot nabofylka.
- Interesserte kyrkjelege fellesråd i Vestland fylke, dersom dei har eige kontrollutval
- Vurderar andre henvendingar seriøst. Det kan td. gjelda:
  - Bistand ved konkurranseutsetting av revisjonstenester (sekretariatet har i dag størst erfaring av sekretariata i Noreg på det feltet)
  - Evt. førespurnad om deløppgåve for fagleg forum. (sekretariatet var fast sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn i 10 år, frå 2005 til 2015)
  - Settesekretariat, td. ved ugildskap. (det har vore førespurnad frå annan landsdel, men der me då ikkje hadde kapasitet til å påta oss eit arbeid)

I denne saka er det valt å ha fokus på kva hovudprinsipp som bør ligga til grunn vidare for evt. å utvida tal kontrollobjekt, framfor å gå nærare inn på konkrete henvendingar og samtalar som har vore siste åra.

#### Lokalisering.

Det vert funne føremålstenleg at sekretariat for kontrollutvalet har eit definert hovudkontor, og at det er opning for å ha avdelingskontor i tillegg. Då bør ein skua til nosituasjonen:

- Kvar skal administrasjonssenter for Vestland fylkeskommune vera?
- Kvar er eksterne kundar?
- Kvar er personalet lokalisert?

I intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, pkt. 3.5 står at «Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leing.». Det er nærliggande at kontrollutvalet sitt sekretariat er lokalisert same stad.

Sekretariatet gjev i dag tenester til 19 kontrollutval, og alle dei 18 eksterne kundane er kommunar i Hordaland og eit kirkelig fellesråd i Bergen. Det er føremon at hovudkontoret ligg der dei fleste oppdraga er.

Sekretariatet i Bergen har i dag 5 tilsette (4,8 årsverk) medan sekretariatet i Sogn og Fjordane har ein tilsett med kontorstad Leikanger. Det er og føremon at hovudkontor er lokalisert der flest tilsette er.

På bakgrunn av desse momenta vert det tilrådd hovudkontor i Bergen og avdelingskontor for tida i Leikanger. Det er naturleg at avdelingskontoret er der det i dag er ein tilsett. Eit framtidig scenarie, kan vera at medarbeidaren i Leikanger sluttar om nokre år og at kommunar ein på den tida er sekretariat for ligg i Sunnfjord og Ytre Sogn. Då kan det vera aktuelt å alternativt vurdere Førde som stad for avdelingskontor.

#### Tillitsvalde.

Dei tillitsvalde har oppnemnt to personar i sin midte, som kontrollsjefen kunne konferera med i denne saka, ei frå YS-K, SFFK og ei frå LO-K, HFK.

Saka har vore informert og drøfta med tillitsvalde, utan at dei hadde spesielle merknader anna enn at me må sikra god kontakt med den i sekretariatet som har sekretariatskontor aleine.

**Konklusjon:**

Oppsummert så er det argumentert for slik organisering, arbeidsdeling og lokalisering:

## Fylkestinget

- Vestland fylkesting er tilsettingsorgan for kontrollsjefen

## Kontrollutvalet

- Kontrollutvalet innstiller ved tilsetting av kontrollsjef
- Kontrollutval har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen.
- Kontrollutvalet vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen, på fylkeskommune sine vegne

## Kontrollsjefen

- Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvaret på fylkeskommunen sine vegne overfor andre tilsette i sekretariatet, som td. tilsetting (alt vedteke), lønsforhandlingar og intern organisering.
- Kontrollsjefen gjev tilbod til kommunar mv., i tråd med føringar i denne saka.
- Kontrollsjefen har fullmakt til å endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.

## Eksterne oppdrag

- Positiv innstilling på å gje tilbod til interesserte kommunar i nye Vestland fylke
- Romsleg tilnærming til kommunar i grenseområde mot nabofylka.
- Interesserte kyrkjelege fellesråd, med eige kontrollutval, kan og be om tenester
- Andre henvendingar, med naturleg slektskap til sekretariatet sitt arbeidsfelt, vert vurdert seriøst.
- Generelt retningsgjevande at ein ikkje skal krysssubsidiere kommunane, men at det heller ikkje er lagt opp til at fylkeskommunen skal ha særleg økonomisk vinst på desse oppdraga.

## Lokalisering.

- Sekretariat for kontrollutvalet har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor pt. i Leikanger.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har hovudkontor i Bergen, pt. med avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Arkivnr: 2019/418-1  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	23/19	11.02.2019

**Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune****Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slik vedtak i sak PS 115/18 i møte 17.12.2018:

«Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.»

Vedtaket vert delt opp i to saker ved at det som gjeld budsjett vert lagt fram i anna sak til dette møtet.

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune har komme til at desse sakene også må leggjast fram for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Status når det gjeld reglement for kontrollutvala pr. i dag:****Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok reglement for kontrollutvalet i møte 08.12.2015. Reglementet ligg ved som vedlegg 1.

**Hordaland fylkeskommune:**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ikkje utarbeidd eige reglement. I delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/retningslinjer-pdf/delegasjonsreglement-for-hfk-pr-desember-2016.pdf> går det likevel fram dette:

***«Reglement for kontrollutvalet***

*Som reglement for kontrollutvalet gjeld forskrift fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr.107 om kommunar og fylkeskommunar.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

### 1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer valde av fylkestinget. 3 medlemmer med varamedlemmer bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer, 2 medlemmer med varamedlemmer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Leiaren skal veljast blant medlemmer frå opposisjonspartia. Minst eit av utvalet sine medlemmer skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jfr. kommunelova § 77.

### 2. Saksbehandling

For kontrollutvalet gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.»

Av dette reglementet går det også fram «Reglement for saksbehandling» som gjeld alle politiske utval.

Fellesnemnda handsama i møte 19.12.2018 sak PS 58/18 «Prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ». Saka ligg ved som vedlegg 2. Denne saka skildrar korleis prosjektleiar har tenkt seg at prosessen skal vera fram til forslag til reglement er ferdig utarbeidd og klar til handsaming i fellesnemnda 23.05.2019 og vedtak i konstituerande fylkesting i oktober 2019.

Kontrollsjefen har i samtale med prosjektleiar/fylkesrådmann 02.01.2019 kome til at beste løysing er at kontrollutvala fremjar komplett forslag til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

### Drøfting:

I dette møtet er tanken at kontrollutvala skal starte opp ein prosess som til slutt skal ende opp med å leggje fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

I denne prosessen kan desse momenta vera aktuelle å drøfte:

- Tal kontrollutvalsmedlemmar, auke frå 5 til 7?
- Tal medlemmar som skal ha sete i fylkestinget? Skal fleirtalet ha sete i fylkestinget?
- Skal leiar/nestleiar vera blant desse?
- Skal fleirtalet i utvalet vera frå posisjon eller opposisjon?
- Skal utvalsleiar vera frå opposisjon?
- Skal varamedlemmar velgjast i rekkefølge?
- Skal 1. vara møte fast i møtene?
- Skal det takast omsyn til representativitet i fylkestinget ved val av medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet?
- Skal det takast omsyn til geografi ved val av medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet?
- Skal møta i kontrollutvalet kunne gjennomførast som videokonferanse, telefonmøte eller liknande?
- Andre forhold

Vi veit at den nye kommunelova regulerer nokre av desse punkta og det må i forslag til reglement sjølvsgatt takast omsyn til det.

### Konklusjon:

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune inviterer kontrollutvala til å drøfte saka i møtet. Vidare vert det tilrådd at kontrollsjefen på bakgrunn av det som kjem fram i møtet får i oppdrag å leggja fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019. Dette betinger at prosjektorganisasjonen for ny fylkeskommune er klar med dei moment som bør/skal inn i alle reglement, som fylkesutval, hovudutval mv.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019, eventuelt i møte 06.05.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Reglement for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ

# Reglement for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommuner (Kommuneloven) i tillegg til "Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v" og "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner". Ved eventuell motstrid går reglar i lover og sentrale forskrifter framføre reglementet.

## § 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget, irekna å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

## § 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med varamedlemer.

Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget.

Leiaren skal representere konstallasjonen som ikkje har fylkesordførar / fylkesvaraordførar.

Kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande fylkestinget som første utval etter val av fylkesutval, fylkesordførar og fylkesvaraordførar. Kontrollutvalet trer i funksjon frå det konstituerande fylkestinget.

Ved val av medlemmer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i fylkestinget særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemmer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er fylkesordførar, fylkesvaraordførar, medlem og varamedlem av fylkesutvalet og tilsette i fylkeskommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5. Medlemmar i kontrollutvalet kan ikkje veljast som medlem av fylkeskommunal nemnd med mynde til å ta avgjersle på fylkeskommunen sine vegne .

Utover dette gjeld kommunelova sine regler om val av faste utval.

Valretten ligg til fylkestinget.

### § 3 Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kapittel 12, forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta

Særlege oppgåver:

1. Kontrollutvalet skal ved starten av kvar valperiode utarbeide ein plan for verksemda i utvalet. Kontrollutvalet fastset sjølv innhald og omfang. Informasjonsstrategien til utvalet skal vere vedlegg til verksemdplanen. Verksemdplanen vert vedteken av fylkestinget.
2. Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til fylkestinget. Det er fylkestinget som vedtek planane.
3. Kontrollutvalet kan på eige initiativ gjere endringar i planane innafor fylkestinget sine intensjonar, deriblant rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for fylkestinget.
5. Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett og økonomiplan for kontroll- og tilsynsarbeidet. Utvalet har fullmakt til å omfordele mellom tenester/ansvar på programområdet 410 – Kontrollorgan, jfr. budsjettreglementet.
6. Kontrollutvalet kan iverksette undersøkingar og granskingar av fylkeskommunal verksemd på eige initiativ, eller etter vedtak i fylkestinget. Utvalet fastset mandat og omfang, og gjer val om eventuell utføring.

### § 4 Møte og sakshandsaming

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan i fylkeskommunen. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter reglane i kommuneloven § 31.

Kontrollutvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar som møteleiar. Har begge forfall vert møteleiar valt ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13, og skal underteikne på erklæring om teieplikt.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til fylkesordførar, fylkesrådmann og revisor. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til fylkeskommunen.

Kontrollutvalet sitt sekretariat sørgjer for saksutgreiing og gjev tilråding til vedtak. Kontrollutvalet, eventuelt kontrollsjefen, kan i enkelte tilfelle be andre om utgreiingar.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane i etterkant av møta på e-post for "godkjenning". Deretter vert protokollen lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Protokollen vert formelt godkjent i neste møte.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.



Utvalet kan avvike møte utanom møteplanen dersom leiaren eller minst to medlemmer av utvalet krev det. Innkalling til møte utanom planen kan skje med kortare, men høveleg, varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse, telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Om inhabilitet for medlemmer av kontrollutvalet gjeld forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr 3 og 4.

Fylkesrådmannen eller tilsett i fylkeskommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Fylkesrådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet kan avvike høyringar innafor sitt ansvarsområde. Med høyring er meint eit møte i utvalet der utvalet mottok munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde. Høyringar vert avvika etter egne reglar, som er vedlagt dette reglementet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter fylkeskommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

Leiar og nestleiar er medlemmer av fylkestinget. Dei øvrige medlemmane møter vanlegvis ikkje under fylkestingsseta.

## § 5 Møte- og talerett

Fylkesordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet, leiaren eller medlem utpeikt av kontrollutvalet eller leiar har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalte organ i fylkeskommunen. Kontrollsjefen har fullmakt til å vere til stades i lukka møte i folkevalte organ i fylkeskommunen i same utstrekning som kontrollutvalet sjølv.

## § 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å bistå kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet. Sekretariatet skal vere uavhengig av fylkeskommunen ein administrasjon og av dei som utøver revisjon for fylkeskommunen. Fylkestinget fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt sekretariat er underlagt kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg for drifta av sekretariatet som utvalet gjev.

### Tilsetting

Det er kontrollutvalet som tilset leiar av sekretariatet og fastset løna.

Leiar av sekretariatet skal ha tittel kontrollsjef.

Kontrollutvalet kan godkjenne avtale om kjøp av sekretærtenester eller engasjement av mellombels sekretær når tilhøva gjer dette naudsynt.

### Sekretariatet sine oppgåver

Kontrollsjefen har ansvaret for sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet og for at sekretariatet sine oppgåver blir utført i samsvar med utvalet sin instruks.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for innkalling og føring av møtebok i samband med kontrollutvalet sine møte. Protokollering av møta skal skje slik at ein er sikra at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert. Blant anna skal all eigarskapsinformasjon dokumenterast og tema for munnlege orienteringar skal protokollerast.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og fylkestinget sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for fylkestinget, vert iverksett.

Sekretariatet skal sjå til at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd. Kontrollutvalet skal ha melding om slike saker i neste møte.

Sekretariatet kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar av revisor.

## **§ 7 Revisjon**

Kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal kunne evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og fylkestinget sitt tilsynsbehov. Fylkestinget vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

## **§ 8 Endringar av reglementet**

Kontrollutvalet kan gjere mindre endringar i reglementet, eventuelt som følgje av endringar i lov eller forskrift.

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av fylkestinget.

Vedlegg

## Reglar for avvikling av høyringar i kontrollutvalet

### 1. Formål

Formålet med desse reglane er å sikre kontrollutvalet sitt informasjonsbehov, ei god framdrift i høyringa og trygge den enkelte deltakars rettstryggleik.

### 2. Opne høyringar, og når høyringar kan lukkast

Avgjerd om høyring blir teke med alminneleg fleirtal i kontrollutvalet, likevel slik at minst tre medlemmer må røyste for høyringa.

Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan med alminneleg fleirtal avgjere at heile eller delar av høyringa skal/kan vere lukka i medhald av kommunelova §31. Det kan t.d. skje som følgje av at den som skal høyrast berre ønskjer å uttale seg i lukka møte, og at det er heimel for å lukke høyringa.

Kontrollutvalet kan berre få teiepliktige opplysningar i lukka høyring. Under ei open høyring kan ikkje kontrollutvalets medlemmer gjengi eller vise til opplysningar som er teiepliktige.

### 3. Førebuing av høyringa

Før høyringa skal kontrollutvalet ha eit saksførebuaende møte for å fastsette opplegget for høyringa. På dette møtet skal utvalet gå gjennom kva problemstillingar utvalet ønskjer belyst og kva ein forventar å oppnå. Det skal vidare fastsettast ein framdriftsplan for høyringa, som m.a. kan fastsette taletid for den enkelte som er innkalla eller invitert, rekkefølge og hovudspørsmål/tema.

Kontrollutvalet tek avgjerd om kven som skal inviterast til høyringa utanfrå og kven som skal ha talerett.

Kontrollutvalet kan kalle inn tilsette i fylkeskommunen til høyring. Fylkesrådmannen vert orientert når tilsette vert kalla inn til høyring av kontrollutvalet.

### 4. Den invitert og den innkalla si stilling

Invitasjon/innkalling til høyringa skal sendast i så god tid som mogleg. Det skal opplysast om kva sak eller saksområde som er tema for høyringa, at den er open og at det eventuelt vert skrive referat. Overfor tilsette i fylkeskommunen som er innkalla, skal det visast til kommunelova § 77 nr 7, jf. forskrift om kontrollutval § 5 om kontrollutvalet sin rett til innhenting av opplysningar.

Fylkesrådmannen har møte- og forklaringsplikt når fylkesrådmannen blir innkalla til høyringa (kommunelova § 77 nr 7, jf. § 23 nr 2). Det same gjeld tilsette som fylkesrådmannen peikar ut for å møte og forklare seg på sine vegne.

For andre enn fylkesrådmannen eller som møter på vegne av fylkesrådmannen skal det informerast om høvet til å reservere seg mot å møte og å forklare seg, om å krevje å bli høyrte i lukka møte av omsyn til personvernet, og av omsyn til ikkje sette seg sjølv i ein situasjon som kan få negative tenestlege konsekvensar. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga

Den inviterte eller den innkalla skal ha tilgang til kontrollutvalets saksdokument dersom desse ikkje er underlagt teieplikt.

Den inviterte eller innkalla har høve til å ha med seg ein person til å hjelpe seg, og rett til å konferere med vedkomande før det blir svara.

## 5. Gjennomføring av høyringa

Dersom andre enn leiaren skal leie høyringa (dvs. vere hovudutspørjar), peikar kontrollutvalet ut den som skal ha denne funksjonen, anten eit anna medlem eller ein person som kontrollutvalet kan engasjere. Avgjerd om dette blir teke med alminneleg fleirtal i det førebuande møtet.

Møteleiaren innleiar høyringa ved å orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld.

Før kontrollutvalet startar utspørjinga av ein innkalla/invitert skal vedkomande få høve til å gi ei framstilling av saka.

Etter at hovudutspørjar er ferdig med sine spørsmål kan øvrige kontrollutvalsmedlemene stille oppfølgings spørsmål.

Meiningsutveksling mellom kontrollutvalets medlemmer skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere svara, utan at det følgjer som ein naturleg del i eit oppfølgings spørsmål. Møteleiaren skal påtale upassande eller fornærmeleg åtferd.

Eit medlem kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal kunne drøfte vidare framdrift, herunder om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører

Det skal ikkje røystast eller treffast konklusjonar under høyringa. Kontrollutvalet avgjer i møte korleis opplysningane som framkom under høyringa skal følgjast opp.

Det skal førast protokoll frå høyringa, som omhandlar kven som var til stades frå kontrollutvalet og innkalla/inviterte og kven som uttalte seg/svarte på spørsmål. Kontrollutvalet avgjer ut over dette om det skal førast referat frå høyringa eller om det skal gjerast lydopptak.

Kontrollutvalet avgjer på kva måte høyringa skal følgjast opp. Dersom kontrollutvalet får utarbeidd ein rapport om resultatet av høyringa, skal fylkesrådmannen få høve til å gi fråsegn til rapporten. Fråsegna vert vedlagt rapporten. Kontrollutvalet kan vedta å fremje rapporten til fylkestinget

## 6. Kunngjering

Opne høyringar skal kunngjerast som for møte.

Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Sak nr.: 2015/1434-712

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		19.12.2018

## Prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ

### Prosjektleiari rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda tek saka til orientering.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

På møte i fellesnemnda 18. desember 2017 vart det vedteke å gje fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) eit mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiari.

FN-AU har valt å løyse oppgåva knytt til fastsetjing av politisk organisering i tre fasar.

#### Fase 1:

Fellesnemnda fatta 22.06.18 vedtak om oppretting av fire hovudutval, samt fordelinga av hovudoppgåver mellom hovudutvala og fylkesutvalet.

#### Fase 2:

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette ei rekkje andre råd, nemnder og utval. Fellesnemnda har gjort vedtak om oppretting av slike politiske underutval, nemnder, råd og komitear. I denne fasen er det og utarbeidd forslag til reglement for godtgjersle til folkevalde. Dette reglementforslaget har vore handsama i fleire rundar i FN-AU, og det vil bli lagt opp til vedtak i fellesnemnda 14. februar 2019.

#### Fase 3:

Etter at den samla strukturen for dei faste politiske utvala, råd m.m. er fastlagd, er det lagt opp til at det i fase 3 skal utarbeidast reglement for dei politiske utvala, råd m.m. som set rammer for mellom anna samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.

Prosjektleiaren legg med dette fram sak med nærare skildring av innhald, prosess og framdrift for fastsetjing av reglement for folkevalde organ.

### 2. Politisk organisering i Vestland fylkeskommune

Fylkesting og fylkesutval er organ fylkeskommunen er obligatoriske organ i ein fylkeskommune.

I møte 22.6.2018 vedtok fellesnemnda følgjande faste hovudutvalsstruktur:

- a) Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
- b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

I møte 21.9.2018 vedtok fellesnemnda å opprette følgjande lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- a) Kontrollutval, jf. Kommuneleva § 77.
- b) Administrasjonsutval, jf. Kommuneleva § 25, Hovudavtalen del B § 4.
- c) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2c.
- d) Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2d.
- e) Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2e.
- f) Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker § 28, andre ledd.
- g) Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.

Vidare vart følgjande politiske organ vedteke oppretta, med verknad frå 01.01.2020:

- a) Finansutval
- b) Trafikktryggingutval
- c) Valnemnd

I møte 16.11.2018 vedtok fellesnemnda å opprette eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020.

### **3. Krav til reglement**

Når ein talar om reglement for folkevalde organ talar ein i realiteten om tre sett av reglement. Nedanfor er teke inn føreseger i ny kommunelev som viser denne tredelinga.

#### 1. «§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefellesskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.»

Kommentar frå prosjektleiar: Sentralt i reglementet for kvart folkevalde organ vil vere samansetjing, kva verkeområde det skal ha, kva vedtaksmynde og kva innstillingsmynde det har.

#### 2. «§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.»

Kommentar frå prosjektleiar: Her må ein gå gjennom alle særlovar og forskrifter kor fylkeskommunen er gjeve mynde, og fastsetje kven som skal ha vedtaksmynde og innstillingsrett i høve desse lovene. Nokre stader set lova sjølv delegasjonssperre.

#### 3. «§ 11-12.Reglement for saksbehandling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement med nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.»

Kommentar frå prosjektleiar: Det vil vere hensiktsmessig å utarbeide *eitt* felles sakshandsamingsreglement. Eit slikt reglement må byggje på kommunelovas sakshandsamingsreglar. Særskilde sakshandsamingsreglar for enkelte organ kan innarbeidast i det enkelte organ sitt reglement.

#### **4. Prosess og framdrift**

Prosjektleiar legg opp til slik prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ, reglement for delegering og innstilling og reglement for sakshandsaming:

**Januar 2018:** Administrasjonen inviterer og held felles møte med medverknadsorgana i Hordaland (fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommenes fylkesting) og Sogn og Fjordane (fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomspolitisk utval). I møtet ønskjer ein innspel på kva som er bra med dagens reglement i respektive fylke og kva som kan forbedrast.

**28. januar:** Utsending av skisse som utgangspunkt for diskusjon i FN-AU.

**4. februar:** FN-AU. Workshop.

**14. februar:** Fellesnemnda. Arbeidsdokument frå FN-AU vert presentert. Fellesnemnda vert oppmoda til å koma med føringar for vidare arbeid.

**13. mai:** FN-AU. Bearbeiding av innspel frå fellesnemnda.

**23. mai:** Fellesnemnda. Vedtak om innstilling til konstituerande fylkesting.

**Konstituerande møte fylkestinget oktober:** Konstituerande fylkesting vedtek reglementa.